



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 22

(2002–2003)

Om Noregs deltaking i Tryggingsrådet i
Dei sameinte nasjonane (FN)
2001–2002

Innhold

1 Samandrag	5	3.13 Konfliktane på Balkan	21
2 Innleiing	10	3.14 Georgia: Abkhasia-konflikten	21
3 Saker om land og regionar	12	3.15 Kypros	22
3.1 Irak	12	4 Tematiske spørsmål	23
3.2 Afrika	13	4.1 Kampen mot internasjonal terrorisme ..	23
3.3 Etiopia og Eritrea	14	4.2 Fredstryggjande operasjonar	24
3.4 Somalia	14	4.3 Internasjonal straffeforfølging	25
3.5 Angola	15	4.4 Vern av sivile i væpna konflikhtar	26
3.6 Sierra Leone og Liberia	15	4.5 Kvinner, fred og konflikhtar	27
3.7 DR Kongo	16	4.6 Handvåpen	27
3.8 Burundi	17	4.7 Sanksjonar	27
3.9 Vest-Sahara	17	4.8 Økonomiske drivkrefter i konflikhtar (Ulovleg ressursutnytting)	28
3.10 Midtausten	18	4.9 Hiv/aids	28
3.11 Afghanistan	19	5 Vegen vidare	30
3.12 Aust-Timor	20		



St.meld. nr. 22

(2002–2003)

Om Noregs deltaking i Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane (FN) 2001–2002

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 28. mars 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

Tryggingrådet utøver ansvaret sitt for å sikre mellomfolkeleg fred og tryggleik (FN-pakta artikkel 24) på vegner av alle medlemslanda i FN. Dette understrekar ansvaret til dei valde medlemmene. Dei fem faste medlemmene pregar i praksis arbeidet i Rådet meir enn dei valde. Men ansvaret for verksemda til Rådet og vedtaka som Rådet gjer, er likt fordelt mellom dei 15 medlemmene.

Regjeringa og Stortinget har vore fullt klar over det store ansvaret som kviler på medlemmene i Tryggingrådet. I utgreiinga si i Stortinget i november 2000 om regjeringa sine politiske hovudprioriteringar for Noregs medlemskap i Tryggingrådet omtala dåverande utanriksminister Jagland medlemskapen som ei nasjonal oppgåve som regjeringa ville gje høgaste prioritet.

Hovudprioriteringane vann brei tilslutning i Stortinget og har lege til grunn for både den dåverande og den etterfølgjande regjeringa sitt arbeid i Tryggingrådet. Denne breie, tverrpolitiske semja har vore ein særleg styrke for Noregs innsats i Rådet.

Utgangspunktet til regjeringa var at svært mykje av arbeidet til Tryggingrådet dreier seg om politisk krisehandtering, og at dagsordenen til Rådet i stor grad vert styrt av internasjonale hendingar. Arbeidet med slike saker ville derfor krevje

størstedelen av merksemda. I det meir langsiktige arbeidet ville ein konsentrere seg om tre hovudområde: dei underliggjande årsakene til krig og konflikt, setje særskilt fokus på utfordringane som Afrika har, og oppfølging av Brahimirapporten for å styrkje FN si evne til å planleggje og gjennomføre fredsoperasjonar. I oppfølginga av hovudprioriteringane ville ein frå norsk side medverke til at Tryggingrådet i aukande grad arbeider for ei heilskapleg tilnærming til førebyggjande innsats, konflikthandtering og fredsbygging. Ein ville vidare medverke til at innsatsen på militære, politiske, humanitære, ressursmessige og utviklingspolitiske område er samkøyrde og gjensidig forsterkande.

Erfaringane frå Tryggingrådet har vist at dei prioriteringane Noreg sette for arbeidet sitt, har vore både relevante og realistiske. Dei er i høg grad aktuelle også for andre utanrikspolitiske arenaer enn Tryggingrådet og vil verte vidareførde som norske satsingsområde i og utanfor FN-ramma.

Inga einskildsaker sette sterkare preg på Noregs arbeid i Tryggingrådet enn Irak. Noregs interesser er best tente med eit effektivt og normsetjande FN. Saker som er viktige for internasjonal fred og tryggleik, skal handsamast av Tryggingrådet i

FN, og vedtak må ha heimel i FN-pakta og gjeldande folkerett. Dette har vore grunnleggjande for Noreg i handsaminga av Irak-spørsmålet. For Noreg er det svært viktig at ein ikkje rokkar ved dette prinsippet, og at det kollektive tryggingssystemet som følgjer av FN-pakta, ikkje vert undergrave.

For Noreg har hovudutfordringa vore å sikre troverdige inspeksjonar med sikte på endeleg og fullstendig oppfyljing av Tryggingrådet sine resolusjonar om avvæpning. Det har likeins vore makt-påliggjande at denne avvæpninga vert oppnådd utan bruk av militærmakt.

Tryggingrådet har sidan 1990 vedteke ei rekke resolusjonar som stiller klare krav til Irak om avskaffing av masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel til desse. Likevel har FN sine krav vorte ignorerte frå Iraks side, og det internasjonale samfunnet har måtta leve med uvissa omkring eksistensen av irakiske masseøydeleggingsvåpen. Etter månader med aukande amerikansk merksemd om Irak utfordra den amerikanske presidenten i talen sin til Generalforsamlinga i september 2002 Tryggingrådet til å gjere eit siste forsøk på å avvæpne Irak gjennom FN. Eit samla Tryggingråd vedtok i november same år resolusjon 1441 etter lange og svært vanskelege forhandlingar. Sentralt i forhandlingsprosessen som leidde fram til vedtakinga av resolusjon 1441, var spørsmålet om bruk av væpna makt dersom Irak ikkje overheldt pliktene sine, og om det allereie fanst ein folkerettsleg heimel i tidlegare vedtekne resolusjonar, eller om Tryggingrådet eksplisitt måtte gje ny autorisasjon. I resolusjon 1441 presiserer Tryggingrådet krava sine, mellom anna til irakisk samarbeid med inspektørane, og det vert gjort klart at brot på resolusjonen vil få alvorlege følgjer. Inspektørane byrja arbeidet sitt i Irak i byrjinga av november 2002 etter nesten fire års fråvere. Iraks vilje til å sleppe inspektørane inn i landet kjem utvilsamt av det aukande politiske og ikkje minst militære presset på regimet, og erkjenninga av skiftet i amerikansk utanrikspolitikk etter terroråtaka 11. september.

Som leiar av sanksjonskomiteen for Irak sette Noreg store ressursar inn på å skaffe seg oversyn over både den omfattande saksmengda og dei underleggjande problemstillingane. Dette gav oss eit godt utgangspunkt for å delta aktivt i drøftingane om reform av Irak-sanksjonane, som skaut fart på våren 2001 med utgangspunkt i den nye amerikanske administrasjonen sitt ynske om å gjennomgå all sider ved Irak-politikken. Dåverande utanriksminister Torbjørn Jagland tok tidleg i 2001 kontakt med USAs utanriksminister Colin Powell med sikte på reformer av sanksjonspolitikken. Det-

te arbeidet vart seinare følgd opp av utanriksminister Jan Petersen.

Den grunnleggjande årsaka til lidningane til det irakiske folket har vore politikken til regimet og ikkje sanksjonsregimet. Men Noregs fokus i sanksjonskomiteen har heile tida vore på tiltak for å betre den humanitære situasjonen for sivilfolk i Irak og samtidig halde ved lag og styrkje kontrollen med Iraks tilgang til eller utvikling av nye masseøydeleggingsvåpen.

Mot slutten av 2001 lukkast det etter lang tids tautrekking mellom dei faste medlemmene å verte samde om ei konkret omlegging av Irak-sanksjonane, som også spegla norske innspel og initiativ. Det vart innført ei ny ordning med ei varetilsynsliste (Goods Review List), som tok sikte på å betre tilgangen på humanitære varer under Olje-for-mat-programmet og samtidig skjerpa kontrollen med varetypar med militær bruksnytte. Sjølve gjennomføringa vart utsett til mai 2002. Saksmengda i sanksjonskomiteen og problemet med ikkje-handsaming av importsøknader på grunn av mistanke om militær bruksnytte (engelsk: «holds»), minskta dramatisk etter dette.

Terroråttaket på USA 11. september 2001 var ei skilsetjande hending, som sette sterkt preg på dagsordenen til Tryggingrådet i den delen av Noregs periode som stod att. Erkjenninga av at internasjonal terrorisme og spreiding av masseøydeleggingsvåpen utgjer den største trusselen mot internasjonal fred og tryggleik, har samla eit overveldande fleirtal av landa i verda i kampen mot dei kreftene som søker å ramme grunnverdiane i samfunnet og undergrave menneskeverdet og demokratiske samfunnsnormer.

Noreg har engasjert seg sterkt i Tryggingrådet sitt arbeid med å nedkjempe internasjonal terrorisme og i alle sider ved internasjonal fredsbygging og forsoning. Utgangspunktet er at kampen mot internasjonal terrorisme står sterkast ved ein samla innsats forankra i Tryggingrådet i FN. Regjeringa har heile vegen nøyve vurdert Tryggingrådet sine tiltak mot internasjonal terrorisme i høve til dei folkerettslege pliktene våre, ikkje minst menneskerettane. Noregs prinsipielle utgangspunkt er at det ikkje er haldepunkt for å tolke pålegg eller føreslegne lovtiltak frå FN slik at det oppstår eit motsetningstilhøve til grunnleggjande menneskerettar. Samtidig er det grunn til å understreke at sjølve terrorhandlingane skaper ein alvorleg trussel mot menneskerettane. Regjeringa meiner at kampen mot internasjonal terrorisme må førast ved å byggje på og styrkje respekten for grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp.

Alt den 12. september 2001 vedtok Rådet sam-

røystes resolusjon 1368, som mellom anna slår fast at terroråtaka utgjer ein trussel mot internasjonal fred og tryggleik og utløyser retten til sjølvforsvar, som er nedfelt i FN-pakta artikkel 51. Resolusjonen gjorde det klart at Rådet var budd på å ta alle naudsynte steg for å nedkjempe internasjonal terrorisme.

Ved resolusjon 1373 av 28. september 2001 vart det oppretta eit bindande globalt regime for å ramme finansieringskjeldene til terrornettverka og ein særskild antiterrorismekomité (Counter-Terrorism Committee, CTC) for å overvake gjennomføringa av resolusjonen. Noreg har delteke aktivt i arbeidet i komiteen og var blant dei aller fyrste som gjennomførte resolusjon 1373 i nasjonal rett. Ein viktig dimensjon ved arbeidet i antiterrorkomiteen er å tilby fagleg hjelp til land som har lovgjevingsmessige eller administrative vanskar med å rette seg etter pålegg frå Tryggingrådet. Noreg har delteke direkte med kapasitetsbygging i medlemsland som har bede om slik hjelp.

Eit anna hovudspor i kampen mot internasjonal terrorisme gjaldt Osama bin Laden, Al Qaida-nettverket og Talibanregimet i Afghanistan. Tryggingrådet vedtok alt i 1999 sanksjonar mot Taliban for støtte til internasjonal terrorisme. Sanksjonane vart forsterka i 2000 mellom anna med krav om utlevering av bin Laden. Då det vart klart kvar terroråttaket den 11. september 2001 hadde utspringet sitt, sette USA og ein brei internasjonal koalisjon i gang militære operasjonar mot Al Qaida og Taliban. Dette førte til Talibans fall i november. Grupper av Taliban og Al Qaida utgjorde likevel framleis ein trussel, og dei militære operasjonane mot desse heldt fram. Noreg har delteke i desse operasjonane, mellom anna med spesialstyrkar og jagarfly og har òg engasjert seg i oppbygginga av ei afghansk ordensmakt.

Etter at Talibanregimet fall, flytta Tryggingrådet hovudfokus mot å stø ein afghanskleidd politisk stabiliserings- og atterreisingsprosess. Resolusjon 1383 stødde Bonnnavtala av 5. desember 2001 mellom dei ulike afghanske grupperingane. Resolusjon 1386 av 20. desember 2001 autoriserte den internasjonale tryggingstyrken for Afghanistan (ISAF), som Noreg har medverka til mellom anna når det gjeld minerydding. ISAF har spela ei uvurderleg rolle i å sikre tryggleiken i Kabul-området og å leggje til rette for ei positiv utvikling i landet. Resolusjon 1401 frå mars 2002 autoriserte opprettinga av UNAMA, FNs freds- og atterreisingskorps i Afghanistan.

Noreg har vore ein stor og tonegjevande bidragsytar til det humanitære hjelpearbeidet og atterreisninga i Afghanistan. Som leiar for gjevarlands-

samordninga for Afghanistan i 2002 medverka Noreg til at Tryggingrådet og heile det internasjonale samfunnet kunne leggje til grunn ei heilska-pleg tilnærming til innsatsen i Afghanistan. Noreg la i Tryggingrådet vekt på at det humanitære hjelpearbeidet og langsiktige atterreisingsaktivitetar måtte vere viktige supplement til fredsprosessen. Dette var òg viktig for å skape samfunnsforhold som ikkje lenger gav grobott for terrorisme.

Kampen mot internasjonal terrorisme og innsatsen for å stabilisere og atterreise Afghanistan er kanskje det aller klaraste dømet på at Noregs hovudprioriteringar for medlemskapen i Tryggingrådet har vore høgst relevante. Denne tilnærminga med fokuset på samanhengen mellom militær innsats, naudhjelp, langsiktig utviklingshjelp og arbeidet med forsoning og fred vil også liggje til grunn for den vidare innsatsen til regjeringa.

Noregs prioritering av Afrika i Tryggingrådet har samanheng med at afrikanske konflikhtar dei siste åra har utgjort nesten to tredjedelar av sakene på dagsordenen til Rådet. Mange av desse sakene gjeld ikkje primært konflikhtar mellom statar, men interne, borgarkrigsliknande konflikhtar i statar som fungerer dårleg eller har brote heilt saman. Økonomiske drivkrefter knytte til utbytting av naturressursar er ofte med på å forlengje desse konfliktane.

Konfliktane på Afrikas horn, i Vest-Afrika og i og rundt DR Kongo var mellom dei som prega dagsordenen til Tryggingrådet dei to åra Noreg sat i Tryggingrådet. Noreg engasjerte seg særleg sterkt i konfliktane på Afrikas horn og hadde eit leiaransvar for både Etiopia-Eritrea-konflikten og konflikten i Somalia.

Gjennom eit sterkt og konsekvent engasjement har Tryggingrådet medverka til å drive fredsprosessen mellom Etiopia og Eritrea vidare. Noreg stod sentralt i å utforme krav og stille forventningar til partane og i arbeidet med å halde eit målretta politisk fokus på FNs fredstryggingande operasjon i Etiopia og Eritrea (UNMEE). Noreg leidde tryggingrådssendelag til Etiopia og Eritrea i februar 2002. Eit hovudføre mål var å forsikre seg om at den uavhengige grensekommisjonen si fastsetjing av grensa mellom dei to landa ville verte akseptert av begge partane.

Utanriksminister Petersen hadde like før vitja dei to landa i same ærend og leidd eit ope møte i Tryggingrådet om Etiopia og Eritrea under den norske presidentskapsmånaden i mars 2002. Orskurden til grensekommisjonen vart offentleggjort i april 2002. Partane sin bindande aksept av orskurden var ein milestolpe i fredsprosessen og ein viktig arbeidssiger for Tryggingrådet.

Konflikten i Somalia vart vidareført på dagsordenen til Tryggingrådet tidleg i 2001 etter norsk initiativ. Det var då fyrste gongen sidan FN (UNOSOM II) trekte seg ut i 1995, at Somalia vart realitetshandsama i Rådet. Noreg har samarbeidd nært med FN-sekretariatet og dei andre medlemmene i Tryggingrådet for å leggje grunnlaget for eit sterkare FN-engasjement i Somalia. Tryggingrådets fokus på internasjonal terrorisme og faren ved å overlata statar i konflikt og oppløysing til seg sjølv gjorde det noko lettare å vinne tilslutning til denne lina. Noreg har teke initiativet til og leier ei vene-gruppe for Somalia i FN-miljøet i New York. Vi vil vidareføre engasjementet vårt innanfor denne ramma.

Konfliktane på Afrikas horn har ein sentral plass i norsk FN- og utviklingspolitikk, også etter at vi er ute av Tryggingrådet. Arbeidet for fredsbygging og krisehandtering, arbeidet for berekraftig utvikling og arbeidet for fattigdomsnedkjem-ping bør sjåast i samanheng. Noreg gjev kunnskap og ressursar – på grunnlag av erfaringar frå internasjonale fredsoperasjonar og rolla som tilretteleg-gjar i ei rekkje fredsprosessar. Satsinga vil i aukande grad rettast mot å førebyggje at valdelege konflik-tar bryt ut – og mot å hindre at løyste konflik-tar blussar opp att. Det er viktig å halde fram med freistnadene på å styrkje FN si evne til å hjelpe land som gjennomlever den smertefulle og langva-rige overgangen frå krig til fred. Dette krev samti-dig vilje til langsiktig og bindande engasjement blant gjevarlanda. Landa på Afrikas horn – Etiopia, Eritrea, Somalia og Sudan – vil trenge svært mykje overgangshjelp og langsiktig hjelp. Etter kvart som fredsprosessane kjem i gang, er det viktig at dei vert stødde opp av bindande innsats frå gjevar-landssamfunnet si side.

Noregs presidentskap i Tryggingrådet i mars 2002 var eit særleg krafttak. Presidentrolla er sær-leg viktig når det gjeld å leggje til rette arbeidet i Rådet og drive det framover ved å skape brei opp-slutning om prioriterte saker. Det er når Tryg-gingsrådet står samla, at det vert oppnådd konkrete resultat. Utrøyttelag innsats for å finne sam-lande løysingar var ei rettesnor for Noreg i heile medlemskapsperioden og kom til særleg nytte under presidentskapet vårt.

Under den norske presidentskapsmånaden vart det arbeid intens med ei rekkje saker, og av desse er Etiopia og Eritrea og Afghanistan alt om-tala. Utanriksminister Petersen leidde også eit ope møte om Bosnia og Hercegovina. Den einskild-saka som likevel sette sterkast preg på arbeidet til Tryggingrådet under Noregs presidentskapsmå-

nad, og der Noreg spela ei avgjerande rolle, var fredsfristnadene i Midtausten.

Midtausten stod høgt på Noregs agenda i heile medlemskapsperioden. Noreg spela ei nøkkelrolle i presidentskapsmånaden i mars 2002 og leidde mellom anna forhandlingane om resolusjon 1397. Denne resolusjonen var den fyrste nokon gong som omtala visjonen om ein palestinsk stat. Det var òg den fyrste resolusjonen om Midtausten som vart vedteken i Rådet under den norske medlem-skapen. USA hadde lagt ned veto på arabiske reso-lusjonsutkast både i mars og desember 2001. Å oppnå den naudsynte balansen i resolusjon 1397 var difor svært viktig. Dette lukkast til slutt etter at det seint i prosessen vart fremja eit framlegg om å ta inn ei tilvising til visjonen om to statar, Israel og Palestina, side om side innanfor sikre og godtekne grenser. Seinare same månad la Noreg fram eit utkast til resolusjon 1402. Denne resolusjonen stadfestar resolusjon 1397 som ein av dei grunn-leggjande tryggingrådsresolusjonane for Midt-austen-konflikten saman med resolusjon 242 (1967) og 338 (1973).

Noreg spela òg ei sentral rolle i utarbeidinga av tryggingrådsresolusjon 1435 frå september 2002, som kravde at alle valdshandlingar, mellom anna terrorhandlingar, skulle stanse, og at alle israelske aksjonar skulle stanse omgåande.

Sjølv om vilkåra for full iverksetjing av dei ovan-nemde resolusjonane ikkje har vore til stades, har dei styrkt grunnlaget for FN si rolle i fredsfristna-dene. Erfaringane frå Tryggingrådet har også styrkt grunnlaget for Noregs vidare engasjement for fred i Midtausten.

Noreg har under tryggingrådsperioden konse-kvent arbeid for å styrkje FN sin fredstryggjande kapasitet og har støtt oppfølginga av framlegga i Brahimirapporten. Noreg leidde i 2002 Trygging-srådets arbeidsgruppe for fredstryggjande operasjo-nar. Hovudmålet har vore å bringe troppebidragsy-tarane i ein tettare dialog med Tryggingrådet og FN-sekretariatet i samband med førebuing og gjen-nomføring av FN sine fredsoperasjonar. Eit av No-regs fyrste initiativ i Tryggingrådet var elles å løy-ve midlar til oppfølging av tryggingrådsresolusjon 1308 frå juli 2000 om førebygging og kontroll av hiv/aids i tilknytning til fredsoperasjonar.

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å gje fredsoperasjonar i FN-regi høg politisk merksemd, både internasjonalt som nasjonalt. Deltaking i FN sine fredsoperasjonar og ressursmessig innsats for å utvikle FN-sekretariatet sin kapasitet innan inter-nasjonal konflikthandtering vil framleis vere ei prioritert norsk oppgåve. Dette vil krevje aktiv del-taking i relevante FN-fora – fyrst og fremst 4. komi-

té og spesialkomiteen for fredstryggjande operasjonar. Regjeringa vil òg satse på å styrkje UNDP sitt arbeid innan konfliktforebygging og fredsbygging.

Regjeringa har identifisert satsingsområde som vil verte følgde opp frå norsk side framover. Desse omfattar tilhøvet mellom militære og sivile aktørar i fredsoperasjonar, og særleg avgrensinga mellom militære operasjonar og humanitære aksjonar i konflikt- eller postkonfliktsituasjonar.

Individets tryggleik har vore ein underkjend dimensjon i internasjonalt konfliktarbeid. Ved å arbeide for å integrere denne dimensjonen i arbeidet i Tryggingrådet har Noreg oppnådd konkrete resultat. På norsk initiativ vart det utarbeidd eit eige dokument (Aide Mémoire) med forankring i Tryggingrådet, der alle verne- og menneskerettsføsegner som alt finst i tidlegare tryggingrådsvedtak, er gjeve ei samla og oversiktleg framstilling. Dette Aide Mémoire har vorte eit nyttig verkty for Tryggingrådet i utarbeidinga av mandat for fredsoperasjonar og eit referansedokument for FNs kontor for samordning av humanitær verksemd (OCHA). Noreg har ein tonegjevande posisjon i internasjonale nettverk i FN-miljøet, som set fokus på individets tryggleik, medrekna vern av sivile og sårbare grupper i konflikt, barnesoldatar, spreiding av handvåpen og humanitære aksjonar. Vi har teke initiativet til og leier ei venegruppe i New York, som arbeider med spørsmål om vern av sivile. Kvinner, fred og tryggleik er òg eit tema som vert knytt til Noregs engasjement i Tryggingrådet.

Ulovleg utnytting av naturressursar som olje, diamantar, mineral og tropisk tømmer genererer store inntekter, som ofte går til å finansiere valdelege konflikter. Noreg har difor i Tryggingrådet arbeidd for å setje økonomiske drivkrefter i konflikt på den internasjonale dagsordenen. Under presidentskapsmånaden vår i mars arrangerte vi, i samarbeid med forskingsinstitusjonen International Peace Academy i New York, ein internasjonal konferanse om økonomiske drivkrefter i krig og konflikt. På konferansen, som vart leidd av utanriksminister Petersen, vart norsk og internasjonal forskning på dette området framlagt for medlemmene i Tryggingrådet. Slik kunnskap vil kunne medverke til betre målretting av sanksjonar slik at dei rammar bakmennene og dei reelle avgjerdstakarane og ikkje sivilfolk.

Noreg har delteke i internasjonale prosessar (dei såkalla Interlaken-, Bonn/Berlin- og Stockholm-prosessane) for effektivisering av FN sin sanksjonspolitik og styrking av gjennomføringa av sanksjonar. Innanfor rammene av debatten i Tryggingrådet om sanksjonsreform har Noreg

medverka aktivt til innføring av målretta og tidsavgrensa sanksjonar.

Siktemålet har vore å auke effektiviteten av sanksjonane ved å styrkje FN og medlemslanda si evne til å setje i verk og gjennomføre sanksjonar som både er resultatorienterte og treffsikre. Sanksjonar skal vere eit tvangsmiddel, men ikkje eit generelt straffetiltak. I dei norske posisjonane har det vore lagt vekt på å minimalisere utilsikta negative følgjer for sivilfolk og tredjeland. Noreg har difor teke til orde for betre samordning mellom sanksjonskomiteane, utvida bruk av ekspertpanel og overvakingmekanismer og bruk av lokal kapasitetsbygging som strategi for å imøtegå freistnader på sanksjonsbrot frå einskilde medlemsland si side. Dette er framgangsmåtar som det etter kvart er oppnådd brei semje om i Tryggingrådet.

Tryggingrådet har ved ei rekkje høve i Noregs medlemsperiode handsama spørsmål knytte til internasjonal straffeforfølgning.

Vedtektene til den permanente internasjonale straffedomstolen (ICC) tredde i kraft 1. juli 2002. Same dag la USA ned veto mot forlenging av mandatet for FNs operasjon i Bosnia og Hercegovina (UNMIBH) etter fåfengd å ha kravd garantiar om immunitet for amerikansk personell for domstolen. Etter intense forhandlingar for å få ei løysing på denne situasjonen vedtok Tryggingrådet 12. juli 2002 samrøystes resolusjon 1422 om utsetjing i eitt år av straffeforfølgning for deltakarar i fredstryggjande operasjonar frå statar som ikkje er partar i Romavedtektene. Resolusjonen er ei kompromissløyning, som sikrar at FN framleis har ei sentral rolle i fredstryggjande operasjonar, samtidig som han fastslår verdien av ICC og fullt ut varetek integriteten til domstolen.

Resolusjon 1422 er eit godt døme på den evna og viljen som Tryggingrådet har til å finne om same løysingar sjølv i saker der det er sterk usemje og sprikjande synspunkt. Dei omtala Midt-austen-resolusjonane og fleire av Irak-resolusjonane er døme på det same. Dette er kanskje den mest oppmuntrande erfaringa Noreg tek med seg vidare frå medlemsperioden sin.

Noreg har vore ein sterk pådrivar for å finne samlande løysingar som styrkjer effektiviteten til Tryggingrådet. Konsensusorientert arbeid stør og styrkjer FN si stilling som global organisasjon. Prioritering av ei slik arbeidsform og målsetjing følgjer òg av Noregs nasjonale interesser. Noreg arbeider for ein internasjonal orden som bind store og små makter i eit mellomstatleg samarbeid grunna på FN-pakta og folkeretten, og som vert halden oppe av eit globalt system av sterke multilaterale institusjonar.

2 Innleiing

Noreg har med jamne mellomrom søkt medlemskap i Tryggingsrådet i FN. Dette har nær samanheng med heile vår utanrikspolitiske line og vårt utanrikspolitiske engasjement, vårt arbeid for eit internasjonalt samfunn grunna på FN-pakta, folkeretten og eit bindande mellomstatleg samarbeid, vårt arbeid for å styrkje FN sin innsats for internasjonal fred og tryggleik, vår erkjenning av den grunnleggjande samanhengen mellom fred og utvikling, vår omfattande deltaking i fredsprosessar og fredsoperasjonar.

Noregs førre medlemskapsperiode var i 1979–1980. Dei nordiske landa følgjer ei uformell rotasjonsordning for Tryggingsrådet. Etter at Sverige var medlem i 1997–1998, var det Noregs tur. Danmark er kandidat for perioden 2005–2006. Det vil venteleg ta minst 20 år før det på nytt vert aktuelt for Noreg å stille som kandidat til Tryggingsrådet.

Etter ein grundig førebudd, lang og ressurskrevjande kampanje vart Noreg 10. oktober 2000 av Generalforsamlinga i FN valt til medlem av Tryggingsrådet for toårsperioden 2001–2002. Kampanjen innebar oppsøkjande verksemd overfor alle medlemslanda i FN, både ved FN-hovudkvarteret i New York og i dei fleste hovudstadene. Dei opphavlege kandidatane til dei to ledige plassane i Vest-gruppa var Irland, Noreg og Tyrkia. Valkampen vart endå meir krevjande då Italia melde seg som kandidat våren 1999, sjølv om Tyrkia noko seinare trekte kandidaturet sitt. Italia viste seg å vere ein hard konkurrent for Noreg, og det måtte fire valomgangar til før den endelege avgjerda fall.

Colombia, Irland, Mauritius og Singapore vart innvalde saman med Noreg. Dei andre valde medlemmene i Tryggingsrådet i 2001 var Bangladesh, Jamaica, Mali, Tunisia og Ukraina. I 2002 vart desse avløyste av Bulgaria, Guinea, Kamerun, Mexico og Syria.

Dei valde medlemmene må gå rett inn i arbeidet til Tryggingsrådet utan den styrken som ligg i samanhengande erfaring frå verksemda i Rådet. For å møte denne utfordringa vart viktige einingar i Utanriksdepartementet styrkte. Bemanninga ved FN-delegasjonen og ved einskilde ambassarar vart forsterka ved omdisponeringar og tilleggsløyvingar frå Stortinget. Ambassaden i Bagdad vart opna

att for Noregs toårsperiode i Tryggingsrådet. Dette hadde direkte samanheng med at Noreg fekk ansvar for å leie Tryggingsrådets sanksjonskomité for Irak og skadebotkommisjonen for Irak (UNCC) i Genève. Både arbeidsmengda og dei mange vanskelege sakene som prega dagsordenen til Tryggingsrådet, gjorde medlemskapen til ei svært krevjande oppgåve for norsk utanriksteneste.

Frå slutten på den kalde krigen har verksemda til Tryggingsrådet auka mykje. Saksmengda og møteverksemda i Tryggingsrådet er i dag svært omfattande. Terroråttaket på USA 11. september 2001 medførte omfattande nye oppgåver for Tryggingsrådet.

Som illustrasjon på saksmengda kan det nemnast at Noreg i toårsperioden tok ordet ca. 1100 gonger i formelle møte i sjølve Tryggingsrådet. I tillegg kjem tallause innspel i uformelle møte i dei ulike underkomiteane til Rådet og skriftlege framlegg i saker der Noreg tok eit særleg ansvar.

For Noreg var det difor viktig å medverke til ei effektiv arbeidsform i Tryggingsrådet. Frå norsk side la ein stor vekt på å vere velinformert og oppdatert om aktuelle spørsmål. I debattar avgrensa Noreg innlegga sine til markering av viktige nasjonale synspunkt og til tilhøve som kunne bringe debatten og sakene framover. Denne arbeidsforma gjorde sitt til å gje Noreg gjennomslagskraft i viktige saker.

Noreg hausta òg lovord for effektiv leiing av sanksjonskomiteen for Irak og for leiinga av heile Tryggingsrådet sitt arbeid under presidentskapsmånaden vår i mars 2002.

Dei faste og valde medlemmene i Tryggingsrådet er presidentskap ein månad om gongen etter tur. Presidentskapet leier og organiserer arbeidet i Tryggingsrådet i nær kontakt med FN-sekretariatet og uttalar seg på vegner av Tryggingsrådet. Presidentskapet gjev eit visst høve til større innverknad. Dette gjeld særleg måten sakene vert handsama på, som i sin tur kan påverke sluttresultatet. Den store innsatsen Noreg la ned i presidentvervet, medverka til framdrift i ei rekkje saker. Dette gjaldt ikkje minst dei to viktige Midtausten-

resolusjonane som vart vedtekne i presidentskapsperioden vår.

Det var òg eit uttrykk for den tilliten Noreg opparbeidde hjå dei andre medlemmene i Tryggingsrådet at vi vart tiltrudd formannskapet i Rå-

det si arbeidsgruppe for fredstryggjande operasjonar og leiaransvaret i to av dei fem sendelaga som Tryggingsrådet sende til konfliktområde i toårsperioden.

3 Saker om land og regionar

3.1 Irak

Situasjonen i Irak har vore ei av dei vanskelegaste sakene på dagsordenen til Tryggingrådet sidan 1990. Etter frigjeringa av Kuwait har FN kort sagt kravd at Iraks masseøydeleggingsvåpen må avskaffast for at freden og tryggleiken i området kan opprettast på nytt. For å nå dette målet har Irak i over 11 år vore underlagt sanksjonar, som skal hindre at landet utviklar nye masseøydeleggingsvåpen, og krav om inspeksjonar for å verifisere at landet avskaffar slike våpen og våpenprogram.

Noreg har vore grunnleggjande oppteke av to ting i samband med Tryggingrådet si handsaming av Irak-spørsmålet:

For det fyrste har det vore svært viktig at det ikkje vert rokka ved prinsippet om at saker som er viktige for internasjonal fred og tryggleik, skal handsamast av Tryggingrådet i FN, og at vedtak må vere heimla i FN-pakta og folkeretten.

For det andre har det vore ei overordna målsetjing å medverke til å halde Tryggingrådet samla i handsaminga av Irak-spørsmålet og at avvæpninga av Irak vart oppnådd utan bruk av militærmakt.

Noreg leidde Tryggingrådets *Sanksjonskomité for Irak* i heile medlemsperioden 2001–2002. Sanksjonskomiteen er samansett av alle medlemmene i Tryggingrådet og har som oppgåve å forvalte det sanksjonsregimet som Tryggingrådet har vedteke. Irak kan selje uavgrensa mengder av olje, men inntektene frå dette oljesalet skal gå inn på ein FN-kontrollert konto. Midlane vert i hovudsak bruka til å betre den humanitære situasjonen i landet, og programmet vert difor kalla Olje-for-mat-programmet. Tryggingrådet har vedteke at 59 % av oljeinntektene skal gå til humanitære leveransar i Midt- og Sør-Irak, 13 % til humanitære leveransar i Nord-Irak, 25 % til krigsskadebot (UNCC), 0,8 % til våpeninspeksjon (UNMOVIC) og 2,2 % til administrasjon av programmet.

Olje-for-mat-programmet vert drive på grunnlag av såkalla distribusjonsplanar (budsjett) sette opp av irakiske styresmakter og godkjende av FN. FN står for distribusjon av varene og drift av programmet i Nord-Irak, medan irakiske styresmakter har ansvaret i Midt- og Sør-Irak.

Formannskapet i sanksjonskomiteen for Irak kravde monaleg innsats og ressursar. Grunnlaget for å kunne arbeide aktivt med reform av Irak-sanksjonane vart lagt mellom anna ved å setje store ressursar inn i arbeidet i sanksjonskomiteen. Norske styresmakter har gjort eit omfattande analysearbeid i tilknytning til handsaminga av dei ein-skilde sakene som har vorte lagt fram for komiteen. I denne samanhengen vart det mobilisert fagleg hjelp for å vurdere militær fare ved ulike varetypar og humanitære følgjer av visse andre varer.

Dåverande utanriksminister Torbjørn Jagland tok tidleg i 2001 kontakt med den nye amerikanske administrasjonen ved utanriksminister Colin Powell med sikte på å forsere arbeidet med sanksjonspolitikken. Etter regjeringsskiftet seinare same år følgde utanriksminister Jan Petersen opp dette engasjementet.

Noreg fekk brei oppslutning om framlegg til reform av sanksjonane, som vart vedtekte og iverksette i resolusjon 1382 og 1409. Reforma sikta mot å betre tilgangen på humanitære varer samtidig som kontrollen med varer som kan ha militær nytteverdi, vart fokusert og skjerpa.

Omlegginga av sanksjonane førte til betre vareflyt og betre oversyn for eksportørar og importørar. Kontrollfunksjonen er i større grad lagt til sakkunnige i FN-sekretariatet i staden for til dei ein-skilde medlemslanda i Tryggingrådet.

UNMOVIC – FNs overvåkings-, verifikasjons- og inspeksjonskommisjon – vart oppretta med resolusjon 1284 i 1999, etter at dei førre våpeninspektørane i Irak (UNSCOM) vart trekte ut i desember 1998 då Irak nekta å samarbeide med dei.

Resolusjon 1284 vart vedteken med fire avståingar, mellom andre avstod Frankrike, Russland og Kina, etter svært lange og vanskelege forhandlingar. Resultatet av røystinga var eit uttrykk for den kløyvinga som etter kvart fanst blant dei faste medlemmene i spørsmål knytte til Irak, og denne kløyvinga vart til fulle utnytta av Irak i åra som følgde.

UNMOVIC er direkte underlagd Tryggingrådet og rapporterer kvartalsvis. Fram til mars 2002 var det ikkje noko teikn til at Irak hadde tenkt å samarbeide med UNMOVIC. På bakgrunn av auka press i Tryggingrådet hadde FNs generalsekre-

tær fleire samtalar med irakiske styresmakter våren og sommaren 2002, og dette førte til at Irak i august bad om faglege samtalar om vilkåra for våpeninspeksjon. Leiaren for UNMOVIC gjennomførte slike faglege samtalar i september, og det vart snart klart at Tryggingrådet var samstemt i ynsket om ein ny resolusjon, som ville stadfeste og forsterke FN's årelange og bindande krav overfor Irak.

Tryggingrådet vedtok samrøystes resolusjon 1441 den 8. november 2002. I denne resolusjonen vert Tryggingrådets krav til Irak presiserte, og det vert gjort klart at brot på resolusjonen vil kunne få alvorlege følgjer for landet. Våpeninspeksjonane kom i gang att i slutten av november, med fyrste rapport frå inspeksjonane til Tryggingrådet 27. januar 2003.

Iraks vilje til å sleppe inspektørane inn i landet skriv seg utvilsamt frå det aukande politiske og ikkje minst militære presset på regimet, og erkjenninga av skiftet i amerikansk utanrikspolitikkk etter terroråta 11. september.

Sentralt i forhandlingsprosessen som leidde fram til vedtakinga av resolusjon 1441 stod spørsmålet om eventuell bruk av væpna makt dersom Irak ikkje oppfylte pliktene sine, og om det alt fanst ein folkerettsleg heimel i tidlegare vedtekne resolusjonar, eller om Tryggingrådet eksplisitt måtte gje ny autorisasjon. Ei gruppe land gjorde seg til talsmenn for ein totrinnsprosess, der Tryggingrådet måtte møtast og eventuelt autorisere maktbruk ved å vedta ein ny resolusjon dersom Irak ikkje viste tilstrekkeleg samarbeidsvilje. Eit anna hovudsynspunkt var at den folkerettslege heimele for maktbruk alt låg nedfelt i resolusjonar som var vedtekne tidleg på 1990-talet. Dei landa som stod for dette synet, kravde rett til å gå til væpna aksjonar utan ein eventuell ny resolusjon. Delar av det kompromisset ein til slutt lukkast med å kome fram til, innebar at det i resolusjon 1441 vart fastsett ein framgangsmåte der Tryggingrådet skulle møtast på nytt for å «vurdere situasjonen og trongen for full etterleving av alle relevante tryggingrådsresolusjonar for å sikre internasjonal fred og tryggleik» dersom UNMOVIC meldte om problem. Denne konstruerte tvitydnaden innebar at kvart einskild medlem av Tryggingrådet vurderte forhandlingsresultatet som tilfredsstillande. Dette gjaldt Noreg òg, som under forhandlingsprosessen hadde hevda som grunnleggjande at saka – som var viktig for internasjonal fred og tryggleik – skulle handsamast av Tryggingrådet i FN, og at alle vedtak og handlingar måtte vere rotfesta i FN-pakta og gjeldande folkerett.

Irak-saka er ei av dei vanskelegaste sakene Tryggingrådet har hatt. Irak er pålagt å avskaffe

masseøydeleggingsvåpen. Våpeninspektørane skal verifisere at dette skjer, anten ved at Irak presenterer fullstendig dokumentasjon på at landet ikkje har slike våpen, eller ved at Irak leverer det dei måtte ha av våpen og relatert materiale til destruksjon under FN-oppsyn. Tryggingrådet har pålagt Irak å samarbeide, og det er opp til Rådet å gjere ei vurdering av om dette samarbeidet fungerer tilfredsstillande.

FNs skadebotkommisjon (UNCC) vart oppretta av Tryggingrådet i 1991. Han handsamar skadebotkrav og utbetalar skadebøter for tap og skadar i samband med Iraks ulovlege invasjon og okkupasjon av Kuwait. Skadebøter kan utbetalast til einskildpersonar, selskap, statar og internasjonale organisasjonar.

Kommisjonen, som er etablert i Genève, er samansett av eit styre, ei rekkje ekspertpanel og eit sekretariat. Styret er samansett av medlemmene i Tryggingrådet. Det er ein tradisjon at same land har formannskapet i Tryggingrådets sanksjonskomité for Irak og i UNCC. Noreg hadde såleis òg formannskapet i UNCC-styret i 2001–2002.

3.2 Afrika

Utfordringane for Afrika har vore ei av Noregs tre hovudprioriteringar for arbeidet i Tryggingrådet i FN. Dette heng saman med at nesten to tredjedelar av sakene på dagsordenen til Tryggingrådet dreier seg om Afrika. Mange afrikanske konfliktar er ikkje primært konfliktar mellom statar, men interne borgarkrigsliknande konfliktar. Aktørane i desse konfliktane er òg svært uoversiktlege, med klare innslag av private partar som ofte har økonomiske motiv for å delta.

I Tryggingrådet engasjerte Noreg seg særleg i konfliktane på Afrikas horn. Dette engasjementet vil verte vidareført med utgangspunkt i dei erfaringane vi hausta, og den posisjonen vi opparbeidde oss i medlemskapsperioden. Det er viktig å halde fram med freistnadene på å styrkje FN si evne til å hjelpe land som gjennomlever den smertefulle og langvarige overgangen frå krig til fred. Dette krev samtidig vilje til langsiktig og bindande engasjement blant gjevarlanda. Konfliktane på Afrikas horn er komplekse og enno langt frå løyste. Eit framleis sterkt engasjement for fred, forsoning og regional stabilitet samt hjelp til grunnleggjande demokrati- og rettsstatsprinsipp vil vere naudsynt også i tida framover. Landa på Afrikas horn – Etiopia, Eritrea, Somalia og Sudan – vil trenge svært mykje overgangshjelp og langsiktig hjelp.

3.3 Etiopia og Eritrea

Då Noreg gjekk inn i Tryggingrådet, stod konflikten mellom Etiopia og Eritrea sentralt på dagsordenen. Etter to års krig inngjekk dei to landa våpenkvile i juni 2000, og det vart oppretta ein fredstryggjande FN-styrke, United Nations Mission in Ethiopia and Eritrea (UNMEE). På bakgrunn av at partane hausten 2000 inngjekk ein fredsavtale (Algeravtala), fremja USA eit framlegg om oppheving av våpenembargoen som Tryggingrådet tidlegare hadde innført på grunn av krigen. Saman med andre nye medlemmer av Tryggingrådet gjekk ein frå norsk side inn for å setje gjennomføring av fredsavtala i fokus utan å framskande ei oppheving av våpenembargoen. Etter ei lengre tautrekking samla medlemmene i Tryggingrådet seg i februar 2001 om eit norsk framlegg til presidentfråsegn. Dette la grunnlaget for ei aktiv rolle frå Tryggingrådet si side i oppfølginga av fredsavtala, samtidig som våpenembargoen vart oppretthalden til han gjekk ut i tråd med vedtekne føresegner. Slik unn-gjekk Tryggingrådet å gje partane eit signal som kunne tolkast som passiv støtte til ny opprusting i regionen. USA hadde på dette tidspunktet hovudansvar for Tryggingrådet arbeid med Etiopia og Eritrea. Dette ansvaret vart overteke av Noreg våren 2001.

Frå norsk side fremja ein i august 2001 eit framlegg om eit sendelag frå Tryggingrådet til regionen for å stø opp under fredsprosessen. Det var avgjerande for ei fredeleg løysing at partane ville akseptere den komande orskurden frå grensekommisjonen som var oppnemnd i samsvar med fredsavtala. Framlegget om eit sendelag fekk tilslutning av medlemmene i Tryggingrådet ved resolusjon 1369 og eit meir detaljert etterfølgjande vedtak i januar 2002. Under leiing av Noregs ambassadør, Ole Peter Kolby, møtte eit fulltalig tryggingråd dei to statsleiarane i Addis Abeba og Asmara i februar 2002. Begge partane forsikra Tryggingrådet om at orskurden ville verte godteken. Utanriksminister Jan Petersen gjesta Etiopia og Eritrea i same månad for å stø opp under arbeidet til Tryggingrådet og med tanke på at Noreg skulle overta presidentskapet i Tryggingrådet månaden etter.

Då orskurden vart offentleggjort i Haag 13. april 2002, vart han omgåande godteken av begge partane. Frå norsk side medverka ein til å halde Rådet merksame på fredsprosessen gjennom resolusjonane 1430 og 1434, som vidareførte og justerte mandatet til FN-styrken. Resolusjonane gav òg støtte til den vidare gjennomføringa av fredsavtala og arbeidet til grensekommisjonen.

Då Noreg gjekk ut av Tryggingrådet, var grunnlaget lagt for den praktiske gjennomføringa av orskurden til Grensekommisjonen. Arbeidet er planlagt å vere ferdig i 2003. Frå norsk side vil ein halde fram med å stø opp under fredsprosessen utover medlemskapen i Tryggingrådet, mellom anna ved økonomiske bidrag og kontinuerleg dialog med partane.

Konkret vil Noreg søkje

- å gje støtte til eit breitt spekter av tillitsskapan-de tiltak og forsoningsprosessar samt vidareføre den humanitære støtta,
- å engasjere begge land i vidare bilateral politisk dialog,
- å vidareutvikle det utviklingspolitiske samarbeidet med vidare fokus på at samarbeidet skal medverke til fred, forsoning og regional stabilitet samt demokrati, menneskerettar og godt styreset, og
- å vidareføre engasjementet vårt i IGAD Partners Forum (Intergovernmental Authority on Development).

3.4 Somalia

Etter samanbrotet for FN's fredstryggjande operasjon (UNOSOM II) i 1995 hadde store delar av det internasjonale samfunnet gjeve opp Somalia. Landet har vore utan sentral styring sidan 1991. Granelandet Djibouti tok initiativ til ein fredskonferanse for Somalia i 2000. Denne førte til at det vart oppretta ei overgangsregjering. Men denne regjeringa har i liten grad klart å vinne støtte hjå dei ulike grupperingane i Somalia.

Noreg fekk ved byrjinga av perioden vår i Tryggingrådet førespurnad om å ta ein særleg leiarskap i arbeidet med Somalia. Noregs overordna mål for arbeidet var å skape eit sterkare engasjement i Tryggingrådet for ein konflikt som Rådet gjennom mange år hadde late vere å realitetshand-same. Vi fremja fleire konkrete framlegg retta mot å etablere mekanismar til støtte for dei kreftene som ynskjer fred i landet. Framlegga vart fyrst møtte med ein viss skepsis i Rådet, ikkje minst frå amerikansk side. Ein fekk likevel tilslutning til mellom anna styrking av våpenembargoen og til sterkare fokus på fredsbyggjande arbeid i Somalia.

Noreg tok òg til orde for at FN skulle førebu ein fredsbyggjande operasjon i Somalia. Dette framlegget vann tilslutning. Men på grunn av den vanskelege tryggleikssituasjonen har det førebels ikkje vore mogeleg å opprette ein slik operasjon. Det er likevel sett i gang eit førebuande arbeid

under eit særskilt FN-fond, som Noreg tok initiativet til.

Etter 11. september 2001 kom Somalia i fokus som mogleg ny «gøymestad» for terroristar. Noreg utarbeidde i oktober 2001 ei presidentfråsegn med vekt på tiltak for å forsere fredsprosessen og førebyggje internasjonal terrorisme.

Under presidentskapsperioden vår i mars 2002 utarbeidde Noreg ei omfattande presidentfråsegn, som staka ut kursen for FN sitt vidare arbeid med Somalia, og denne fekk brei merksemd i internasjonal presse. Ved resolusjonane 1407 og 1425 etablerte Rådet eit system for innhenting av informasjon om brot på embargoen og effektivisering av denne. Eit uavhengig ekspertpanel la fram ein rapport om dette for Tryggingrådet i mars 2003. Ekspertpanelet har norsk leiar.

I det vidare arbeidet med Somalia-konflikten vil Noreg søkje

- å følgje den IGAD-leidde fredsprosessen på nært hald og å stø fredsfristnadene til IGAD,
- å vidareføre arbeidet i venegruppa for Somalia i New York som Noreg leiar,
- å vidareføre norsk støtte til innsatsen som FN-organisasjonane og internasjonale frivillige organisasjonar gjer for forsoning,
- å halde oppe nivået på det norske humanitære engasjementet i Somalia, og
- å følgje opp rapporten frå ekspertpanelet om dei ulike partane si innblanding i Somalia og gje støtte til tilrådingane og framlegg til tiltak frå panelet.

3.5 Angola

Våpenkvileavtala av 4. april 2002 mellom Angolas regjering og opprørsrørsla UNITA sette ein stoppar for 27 års borgarkrig. Så langt har partane oppfylt pliktene sine etter avtalen, og den nye positive utviklinga i Angola gjev håp om varig fred. FN har opp gjennom åra spela ei aktiv rolle i freistnadene på å kome fram til ei fredeleg løysing på konflikten i Angola og på å lindre dei store humanitære lidningane som borgarkrigen har medført for folket.

Våpenkvileavtala frå april gav retningslinjer for demobilisering og reintegrering av dei militære styrkane. Den vidare fredsprosessen byggjer på fredsavtala frå 1994 (Lusakaprotokollen). For å kunne vareta dei oppgåvene som etter Lusakaprotokollen er tillagde FN, vedtok Tryggingrådet 15. august 2002 eit nytt og utvida mandat for FN's engasjement i Angola (resolusjon 1433 (2002)) for 6 månader. Det nye mandatet innebar oppretting av

United Nations Mission in Angola (UNMA) og oppnemning av ein spesialrepresentant for Angola. UNMA skal hjelpe partane med gjennomføringa av Lusakaprotokollen og medverke på ei rekkje område i samband med fredsbygginga (m.a. menneskerettar, institusjonsbygging, valførebuing og samordning av hjelp frå gjevarland).

Noreg har understreka verdien av at FN har ei sentral og balansert rolle i fredsprosessen, og har støtta opp om opprettinga av UNMA og ei stilling som spesialrepresentant for Angola. Etter framlegg frå Noreg stilte Tryggingrådet seg bak Generalsekretærens framlegg om å utstyre UNMA med ein spesialrådgjevar for born. Med sikte på å styrkje fredsprosessen har Noreg ved fleire høve medverka til å gje tryggingrådsvedtaka eit sterkare fokus på den alvorlege humanitære situasjonen i landet. I tillegg til å stø appellar for internasjonal hjelp har det her vore mint om at den angolanske regjeringa har hovudansvaret for sitt eige folk.

For å tvinge UNITA attende til fredsforhandlingar innførte FN på 1990-talet eit omfattande sanksjonsregime mot UNITA. Sanksjonane medverka sterkt til å svekkje den politiske, militære og økonomiske stillinga til UNITA og må såleis sjåast på som vellukka. I takt med den positive utviklinga i fredsprosessen lempa Tryggingrådet gradvis på sanksjonane utover hausten 2002 og vedtok i desember ei fullstendig oppheving av sanksjonsregimet. I tråd med den allmenne norske haldninga til bruk av sanksjonar var Noreg mellom dei medlemmene i Tryggingrådet som aktivt stødde nedbygginga av sanksjonar i takt med utviklinga i landet – grunna på trongen for å lønne positiv innsats. UNITA-sanksjonane var elles det fyrste av sanksjonsregima til FN som vart evaluert av eit uavhengig ekspertpanel.

3.6 Sierra Leone og Liberia

I Noregs tryggingrådsperiode har Sierra Leone gått frå å vere eit knust, krigsherja land til eit meir stabilt, potensielt gryande demokrati. Den ti år lange borgarkrigen enda i januar 2002 då opprørsgruppa, Den revolusjonære einskapsfronten (RUF), etter sterkt internasjonalt press, gav opp kampen mot regjeringa. Sierra Leone er så langt eit døme på eit svært vellukka engasjement frå Rådet og FN si side og eit døme på at det internasjonale samfunnet må bruke eit breitt spekter av verkemiddel når det gjeld svært komplekse konfliktar og problem. Situasjonen i Sierra Leone er òg eit døme på ein konflikt som krev ei regional tilnærming. Problema i Sierra Leone heng nøye sa-

man med uro og motsetningar også i grannelanda Liberia og Guinea (Guinea har sete som valt medlem av Rådet sidan januar 2002). Rådet sin innsats i Sierra Leone har hatt tre viktige element: ein fredstryggjande operasjon, straffeforfølgning og sanksjonar.

Den fredstryggjande operasjonen i Sierra Leone (UNAMSIL) med på det meste ca. 17 000 menn og kvinner er den desidert største FN-operasjonen no. RUF kontrollerte på eit tidspunkt nesten heile landet med unntak av hovudstaden Freetown. Ved stadig oppbygging av styrken og forsiktig, men solid utplassering lukkast likevel UNAMSIL etter kvart med å ta kontrollen attende. I tillegg til reine tryggingsoppgåver har UNAMSIL også utført andre viktige oppgåver, mellom anna når det gjeld intern- og eksternflyktningar og gjennomføringa av val i mai 2002. Ei viktig oppgåve for UNAMSIL har vore avvæpning, demobilisering og reintegrering av tidlegare opprørssoldatar. Særleg reintegreringselementet er i stor grad eit utviklingsspørsmål, og det har vore naudsynt med nær samordning med andre delar av FN-systemet, til dømes Verdsbanken, UNICEF og UNDP. Med utgangspunkt i ønsket vårt om å synleggjere underliggjande årsaker til konflikt la Noreg særleg vekt på denne breiare tilnærminga gjennom aktiv innsats i Rådet og gjennom økonomiske tilskot til reintegreringsprogrammet. Noreg har òg løyvd monalege summar i humanitær hjelp til Sierra Leone. Støtta har vore kanalisert gjennom multilaterale organ og norske frivillige organisasjonar, særleg Flyktningerådet. Noreg har avstått personell til UNAMSILs sivile politistyrke.

Hausten 2002 var spørsmålet om styrkereduksjon den sentrale problemstillinga i tilknytning til UNAMSIL. Noreg argumenterte for at UNAMSIL måtte minskast gradvis og i takt med at regjeringa i Sierra Leone sjølv vert i stand til å overta tryggingansvaret. Etter påstandar om at FN-personell hadde utnytta kvinner og born seksuelt, fekk Noreg i dei to siste UNAMSIL-resolusjonane gjennomslag for eigne paragrafar som fordømmer dette, og som gjer det klart at slikt seksuell misbruk skal straffeforfølgjast.

Mange grufulle gjerningar og krigsbrottsverk i Sierra Leone førte til at Tryggingrådet i august 2000 vedtok å opprette ein spesialdomstol for Sierra Leone. Mellom anna fordi Rådet valde å finansiere domstolen med frivillige tilskot, vart opprettingsfasen lang og komplisert. Fyrst sommaren 2002 kunne etterforskningsarbeidet ta til. Som eit allment verkemiddel for å førebyggje grufulle gjerningar i framtida er det viktig at ansvarlege for krigsbrottsverk ikkje får gå fri. Noreg har difor i

heile medlemsperioden sin arbeidd aktivt for å få domstolen på plass og har òg ytt frivillige tilskot på til saman USD 1 million.

RUFs krigføring var i stor grad finansiert med handel med diamantar frå område nordaust i Sierra Leone i grenseområda mot Liberia. Rådet vedtok difor i 2000 eit forbod mot eksport av usertifiserte diamantar frå Sierra Leone. Men det viste seg fort at RUF likevel relativt uforstyrta kunne halde fram med diamanthandelen gjennom Liberia. Dette, saman med erkjenninga av at Liberia gav vedvarande støtte til opprørsrørslar, særleg RUF i Sierra Leone, trua freden og tryggleiken i regionen på ein slik måte at det rettferdiggjorde sanksjonar etter FN-pakta kapittel VII. I resolusjon 1343 (2001) av 7. mars 2001 vedtok Tryggingrådet difor forbod mot handel med våpen og diamantar med Liberia samt reiserestriksjonar for president Charles Taylor og rundt 130 sentrale tenestemenn og politikarar i Liberia. Sanksjonane vart fornya for 12 månader i mai 2002 ved resolusjon 1408 (2002). Føremålet med sanksjonane var å gjere det vanskelegare for Liberia å stø opprørsrørslar i granneland, særleg RUF i Sierra Leone, og å hindre at diamantar frå Sierra Leone vart smugla ut gjennom Liberia. Sanksjonane har i stor grad verka etter føremålet. Det har vorte vanskelegare for Liberia å importere våpen, og det vert ikkje lenger smugla diamantar gjennom landet til inntekt for opprørsrørslar i regionen. Sanksjonane er eitt av dei elementa som har medverka til å stabilisere situasjonen i regionen. RUF er i stor grad avvæpna, og freden i Sierra Leone er i ferd med å verte konsolidert.

I heile Noregs tryggingrådsperiode har også Liberia vore ramma av borgarkrig, og den humanitære situasjonen i landet er svært alvorleg. Det har difor vore viktig for Noreg at sanksjonane har vore utforma på ein måte som har hindra negative humanitære følgjer. Noreg stødde i november 2002 eit framlegg om å utvide mandatet for FN-kontoret i Liberia, med vekt på menneskerettar og godt styresett, i ein freistnad på å leggje til rette for ein breiare dialog med Taylor-regjeringa.

3.7 DR Kongo

DR Kongo var ein konflikt som tok svært mykje tid under Noregs periode i Tryggingrådet. Heilt sidan sjølvstendet i 1960 har DR Kongo vore prega av valdelege konflikter og eit svært dårleg fungerande statsapparat, som ikkje har evna å få kontroll over det enorme territoriet. I tillegg til dei interne kongolesiske konflikta har ei rekkje av

DR Kongos granneland vore involverte, anten militært eller diplomatisk eller begge delar.

Det har vore gjort ei rekkje freistnader på å få slutt på konfliktane i DR Kongo, og i 1999 underskreiv nesten alle partar ei fredsavtale (Lusakaavtala). Men enno er denne berre delvis gjennomført, og ein står overfor særleg tre hovudutfordringar: avvæpning av alle væpna grupperingar, tilbaketrekking av alle utanlandske styrkar og gjennomføring av den interkongolesiske dialogen om den politiske framtida til landet.

I Tryggingrådet vart det i 1999 slege fast ved resolusjon 1234 at konflikten i DR Kongo utgjorde ein trussel mot fred og tryggleik i regionen. Resolusjon 1279 (1999) oppretta FN-operasjonen i DR Kongo (MONUC), og mandatet har seinare vorte forlengd ved ei rekkje høve. Noreg stødde framlegget om ei styrking av MONUC, som vart fremja av generalsekretær Annan i den siste rapporten hans (september 2002), og la særleg vekt på verdien av å få til ei vellukka gjennomføring av såkalla DRRR-tiltak (avvæpning, demobilisering, repatriering, gjenbusetjing og reintegrering). Det har vore og er framleis eit problem å finne nok troppebidragsytarar til MONUC. Noreg avstår fem observatørar til MONUC. I mai 2001 gjennomførte Tryggingrådet ei tidagars rundreise i DR Kongo for å få eit fyrstehandsinntrykk av den samansette og vanskelege konflikten.

I tillegg har det vore stadige samråd og møte i Tryggingrådet på grunnlag av arbeidet til ekspertpanelet som vart oppnemnt i juni 2000 (PRST/2000/20) for å undersøkje påstandane om omfattande utbytting av naturressursar i DR Kongo. Panelet har sidan lagt fram fleire rapportar og fått forlengd mandatet sitt. Det er slege fast at det er ein samanheng mellom ulovleg ressursutbytting og forlenging av konflikten, og ei rekkje ein-skildpersonar, selskap og land vert skulda for å vere direkte involvert. Noreg har aktivt støtt arbeidet til panelet og har understreka at konklusjonane og tilrådingane i den siste rapporten (oktober 2002) må følgjast opp.

I perioden i Tryggingrådet har Noreg vore oppteke av dei regionale aspekta ved konflikten. Konfliktane i Rwanda og Burundi heng nært saman med konflikten i DR Kongo. Oppmodingar til alle utanlandske styrkar om å trekkje seg ut har kome ofte, og på dette området har det vore ei positiv utvikling i andre halvdel av 2002. Noreg har lagt vekt på dei humanitære følgjene av konflikten, og har særleg uttrykt uro over den humanitære situasjonen i den austlege delen av DR Kongo.

3.8 Burundi

Burundi har stått på dagsordenen til Tryggingrådet gjennom heile medlemsperioden til Noreg. Stillstanden i Arusha-forhandlingane vart broten i juli 2001 ved at Nelson Mandela fekk aksept frå partane for fredsplanen sin. I november 2001 vart det innsett ei overgangsregjering i Burundi, med Pierre Buyoya (tutsi) som president. Etter avtala skal det vere skifte av president etter 18 månader, då ein representant for hutumajoriteten skal ta over embetet for resten av den 36 månader lange overgangsperioden. Men dei to opprørsrørslene Forces pour la défense de la démocratie (FDD) og Forces nationales pour la libération (FNL) var ikkje partar i Arushaavtala, og den største fraksjonen i FNL har enno ikkje gått med på våpenkvile. Det går framleis føre seg våpenkvileforhandlingar. Tryggingrådet har i fleire presidentfråsegner oppmoda partane til å samle seg ved forhandlingsbordet og kome fram til ei avtale der alle er med. Både Sør-Afrika, Tanzania og andre land i regionen involverer seg aktivt i arbeidet med å finne ei fredelig løysing på konflikten i Burundi, og dei regionale leiarane har gått saman om å leggje press på opprørsgruppene for å kome fram til ei avtale. Den humanitære og tryggingmessige situasjonen i landet, medrekna jamlege kamphandlingar mellom opprørsgrupper og regjeringsstyrkar rundt hovudstaden Bujumbura, har ført til at ca. 820 000 menneske har flykta frå landet. I tillegg er det i underkant av 390 000 internflyktingar i Burundi. Tryggingrådet har fordømt valdsbruken. Noreg har gjeve økonomisk støtte til Arusha-forhandlingane og til den sørafrikanske tryggingstyrken i Burundi.

3.9 Vest-Sahara

Vest-Sahara har vore eit tema i FN og i Tryggingrådet i mange år. Etter at Marokko og POLISARIO i 1988 inngjekk ei de facto våpenkvile, vedtok Tryggingrådet i FN i 1990 ein plan for å løyse konflikten (engelsk: Settlement Plan), som inneber at framtida til territoriet skal avgjerast ved ei folkerøysting. I 1991 vart observatørkorpset MINURSO oppretta for å gjennomføre folkerøystinga og overvake våpenkvila. Mandatet har sidan vorte forlengd, sist i juli 2002, då resolusjon 1429 vart samrøystes vedteken den 30. juli. Noreg har støtt arbeidet til MINURSO, mellom anna ved å avstå personell til den sivile politistyrken.

Vest-Sahara-saka var særleg vanskeleg i heile

Noregs periode. FNs generalsekretær og den personlege utsendingen hans, den tidlegare amerikanske utanriksministeren Baker, meinte at fredspolan frå 1991 ikkje lét seg gjennomføre på grunn av fundamentale og vedvarande motsetningar mellom partane. Dei føreslo alternative løysingar, mellom anna ei deling av territoriet mellom POLISARIO og Marokko og mellombels integrering av territoriet i Marokko før ei folkerøysting.

Noreg har i Vest-Sahara-spørsmålet lagt vekt på å stø arbeidet til FN og har framheva at ein må kome fram til ei løysing som alle partane kan godta og etterleve. I presidentskapsperioden vår leidde Noreg samråd mellom partane (POLISARIO, Marokko, Mauritania og Algerie) og medlemmene i Tryggingrådet som ledd i arbeidet med å drøfte Bakers alternative framlegg. Det var i juli 2002 ei rekkje kontaktar mellom representantar for dei sentrale aktørane og norske styresmakter i samband med arbeidet med resolusjonen. Noreg har lagt vekt på humanitære aspekt som tilbakevending av krigsfangar og sakna personar og har søkt å skilje desse spørsmåla frå den fastlåste politiske situasjonen.

3.10 Midtausten

Midtausten-konflikten har vore ei viktig og tilbakevendande sak på dagsordenen til Tryggingrådet i heile medlemskapsperioden. Dette skuldast ikkje minst den negative utviklinga i fredsfreistnadene mellom Israel og Den palestinske styresmakta (PA)/Den palestinske frigjeringsrørsla (PLO).

Noreg har hatt som mål med handsaminga av Midtausten-spørsmålet at Tryggingrådet skal medverke til å finne ei løysing på Midtausten-konflikten. Noreg har difor arbeidd for at Tryggingrådet skal søkje ei aktiv rolle med konkret handling og avgjerder som kan influere positivt på dei spørsmåla som vert drøfta. Tryggingrådet kan berre få til dette dersom det står samla, og Noreg har difor i heile medlemskapsperioden arbeidd for å kome fram til konsensus i Rådet si handsaming av Midtausten-konflikten. Ein har også arbeidd for å styrkje FNs generalsekretær si rolle i arbeidet med å handtere og løyse konflikten.

Tryggingrådet har i medlemskapsperioden til Noreg halde ei rekkje møte om Midtausten-konflikten. FNs generalsekretær har i 2002 gjeve Tryggingrådet jamlege orienteringar om utviklinga i konflikten og i fredsfreistnadene. Det er gjeve ei rekkje president- og pressefråsegner. Det er vedteke i alt fem resolusjonar om Midtausten-konflikten: 1397, 1402, 1403, 1405 og 1435, og av desse

vart dei to fyrste vedteke i Noregs presidentskapsmånad i mars 2002.

Det fyrste i rekkja av mange resolusjonsframlegg om Midtausten under Noregs medlemskapsperiode vart lagt fram til avrøysting 14. desember 2001. Resolusjonsutkastet fordømde m.a. alle terrorhandlingar og uproporsjonal bruk av makt. Resolusjonsutkastet oppmoda vidare til gjennomføring av Mitchell-rapporten og til vidareføring av forhandlingane mellom partane på grunnlag av tidlegare inngådde avtalar og diskusjonar. Men USA la ned veto, og resolusjonen vart ikkje vedteken. Noreg avstod saman med Storbritannia. Bakgrunnen for avståinga var at Noreg meinte at Tryggingrådet berre ville kunne hjelpe prosessen framover dersom Rådet stod samla, og slik stødde tiltak i regi av internasjonale aktørar.

Opptrappinga av palestinske sjølvmondsaksjonar i Israel og israelske militære aksjonar mot palestinarane i byrjinga av mars 2002 førte til at Tryggingrådet vedtok resolusjon 1397 (12.03.02). I resolusjonen vert partane bedne om å stanse all vald og gjennomføre Tenets våpenkvileplan og tilrådingane i den såkalla Mitchell-rapporten slik at ein kan ta opp att forhandlingane om ei politisk løysing. Resolusjonen uttrykte òg støtte til freistnadene til Generalsekretæren. I resolusjonen omtalar Tryggingrådet elles for fyrste gong «visjonen om ein region der to statar, Israel og Palestina, eksisterer side om side innanfor sikre og godtekne grenser».

Etter ein ny sjølvmondsaksjon i Israel 27. mars 2002, der 29 menneske vart drepne og 140 skadde, og med påfølgjande israelsk aksjon mot president Arafats hovudkvarter, vedtok Tryggingrådet resolusjon 1402 (30.03.02). Resolusjonen kravde omgåande våpenkvile, israelsk tilbaketrekking frå palestinske byar og stans i all vald og terror. Resolusjon 1402 stadfestar resolusjon 1397 sin plass ved sida av dei grunnleggjande tryggingrådsresolusjonane for Midtausten-konflikten, 242 (1967) og 338 (1973).

Den manglande iverksetjinga av resolusjon 1397 og 1402 førte til at Tryggingrådet deretter vedtok resolusjon 1403 (04.04.02), der det mellom anna vert kravd at resolusjon 1402 skal setjast i verk omgåande.

På bakgrunn av kampane i flyktningleiren i Jenin i april, med høge tapstal og utestenging av humanitært personell frå flyktningleiren i fleire dagar, vedtok Tryggingrådet resolusjon 1405 (19.04.02), som understreka trongen for at humanitære organisasjonar raskt får tilgang til det palestinske sivilfolket. Vidare stødde resolusjonen initiativet til FNs generalsekretær om å skaffe nøy-

aktig opplysning om hendingane i flyktningleiren i Jenin.

Den israelske omringinga av president Arafats hovudkvarter i Ramallah i september 2002, som følgje av ein ny palestinsk terroraksjon, førte til at Tryggingrådet vedtok resolusjon 1435 (24.09.02). Resolusjonen kravde mellom anna stans i alle valdshandlingar, inkludert terrorhandlingar, at israelske styrkar trekkjer seg ut av Ramallah og andre palestinske byar, og at palestinske leiarar må sørge for at dei som er ansvarlege for terrorhandlingar, vert stilte for retten. Israelske styrkar flytta kort tid etter at resolusjonen vart vedteken, stillingane sine noko attende, og omringinga av president Arafats hovudkvarter vart avslutta.

Tryggingrådet si handsaming av Midtausten-konflikten, inkludert vedtaking av resolusjonar, presidentfråsegner og pressefråsegner, har medverka til å leggje press på partane. Utan engasjementet til Rådet er det grunn til å tru at situasjonen kunne ha utvikla seg ytterlegare i negativ retning. Ein har også lukkast med å gje FN's generalsekretær ei styrkt rolle. Samtidig er det ei kjensgjerning at det har vore store problem med iverksetjinga av dei vedtekne resolusjonane. Det kviler i denne samanhengen eit stort ansvar på partane, Israel og Den palestinske styresmakta, medan det internasjonale samfunnet må halde fram med arbeidet sitt for å få sett i verk resolusjonane heilt og fullt.

Gjennom medlemskapen i Tryggingrådet hadde Noreg monaleg innverknad på handsaminga av Midtausten-konflikten i Rådet. Noreg opparbeidde seg stor tillit både i høve til andre medlemmer og i høve til partane. Noreg utnytta denne stillinga så langt det var råd, til å medverke positivt i handsaminga av konflikten i Tryggingrådet. Medlemskapen medverka såleis til å styrkje Noregs rolle i fredsfreistnadene i Midtausten. Men like viktig er det at den norske rolla har medverka til å styrkje Noregs omdømme i høve til fredsarbeidet på den internasjonale arenaen. Medlemskapen har særleg medverka til å styrkje Noreg sitt tilhøve til USA og EU, samt arabiske land, og lagt eit godt grunnlag for å vidareføre Noreg si rolle både i høve til fredsfreistnadene i Midtausten og i høve til konfliktløysing i andre land og regionar.

Viktigast i åra framover vil vere gjennomføringa av tryggingrådsresolusjon 1397, som stadfestar visjonen om ein region der to statar, Israel og Palestina, lever side om side innanfor sikre og godtekne grenser. Så langt har avstanden mellom tostatsvisjonen og den reelle situasjonen auka, og utfordringa for det internasjonale samfunnet er å snu denne utviklinga. For at ei fredeleg tostatsløysing

skal kunne realiserast, må den politiske prosessen mellom partane vidareførast utan vilkår. Israel må oppheve avstengingar og portforbod, innstille likvidasjonar, husringar og busetjingsaktivitetar og leggje til rette for palestinsk økonomisk vekst. Den palestinske styresmakta må halde fram med djuptgripande reformer. Vidare må palestinsk terror stanse.

Noreg er involvert i ei rekkje internasjonale freistnader på å førebu og gjennomføre ei levedyktig tostatsløysing i Israel-Palestina-konflikten. Regjeringa vil vidareføre det nære samarbeidet, særleg med USA, FN, EU og Russland i den såkalla Kvartetten. Noreg er ansvarleg for samordning av hjelpa til palestinarane som formann for gjevarlandsgruppa AHLC, og er ein stor gjevar av utviklingshjelp og humanitær hjelp. Noreg leier observatørstyrken TIPH i Hebron på Vestbreidda. Noreg medverkar dessutan til reformprosessen innanfor Den palestinske styresmakta, særleg når det gjeld det palestinske sivile samfunnet.

3.11 Afghanistan

Etter at Sovjetunionen etter ti års krigføring trekte seg ut av Afghanistan i 1988/89, var Afghanistan i ein meir eller mindre samanhengande borgarkrigsliknande konflikt fram til Talibanregimet fall i november 2001.

I 1999 vedtok Tryggingrådet å innføre sanksjonar mot Taliban (resolusjon 1267) fordi regimet stødde internasjonal terrorisme. Sanksjonane vart forsterka i desember 2000 (resolusjon 1333). I tillegg til sanksjonspolitikken under Talibanregimet konsentrerte Tryggingrådet seg om den humanitære krisa, flyktningssituasjonen og den alvorlege menneskerettssituasjonen, ikkje minst situasjonen for kvinner.

Terroråtalet på USA 11. september 2001 markerte eit skifte i FN's Afghanistan-politikk. Den 12. september vedtok Tryggingrådet resolusjon 1368, som fordømde terrorhandlingane og viste til retten til sjølvforsvar som er nedfelt i FN-pakta artikkel 51. Dette vart teke opp att i resolusjon 1373 av 28. september 2001, som gav mandat til ein brei innsats mot internasjonal terrorisme. USA og ein brei internasjonal koalisjon sette i gang militære operasjonar mot Al Qaida og Talibans basar i Afghanistan i midten av oktober same året. Dette førte raskt til at Talibanregimet fall. Noreg gav full støtte til arbeidet til FN i kampen mot internasjonal terrorisme.

Etter at Talibanregimet fall, flytta Tryggingrådet fokus frå sanksjonspolitikken til å stø ein afg-

hanskleidd politisk prosess, slik denne var nedfelt i Bonnnavtala av 05.12.01 og stødd av tryggingråds-resolusjon 1383. Etter mange år med borgarkrig var det venta at tryggleikssituasjonen ville verte vanskeleg. På denne bakgrunnen bad partane i Bonnnavtala om eit internasjonalt tryggingsnærvere. Tryggingrådet vedtok 20. desember 2001 resolusjon 1386, som autoriserer den internasjonale tryggingstyrken for Afghanistan, ISAF («International Security Assistance Force»), med mandat til å sikre tryggleiken i Kabul-området. Ein tilfredsstillande tryggingssituasjon vert sett på som ein føresetnad for tilbakevending av flyktningar, be-rekraftig utvikling og ein politisk prosess mot eit representativt og demokratisk styresett i Afghanistan. Frå norsk side har støtte til sikring av tryggleiken vore eit prioritert område.

Ein sentral del av innsatsen i kampen mot terrorisme i Afghanistan er arbeidet med å avhjelpe den humanitære krisa, å stø opp om den FN-leidde fredsprosessen, og å fremje stabilitet, fred og utvikling. Som følgje av dette la Noreg i Tryggingrådet vekt på at det humanitære hjelpearbeidet og langsiktige atterreisingsaktivitetar måtte vere viktige supplement til fredsprosessen.

FN og Generalsekretærens spesialutsending til Afghanistan, Lakhdar Brahimi, vart gjeve ei sentral rolle for å sikre den politiske prosessen fram mot nasjonale val i 2004. Noreg har gjeve full støtte til UNAMAs (United Nations Assistance Mission in Afghanistan) og Brahimis innsats for å etablere ein politisk prosess som omfattar deltaking av alle relevante politiske aktørar, og har arbeidd for ein hjelpeinnsats som kan medverke konstruktivt til FNAs arbeid for å fremje berekraftige politiske løysingar i Afghanistan. UNAMA vart oppretta ved resolusjon 1401 i Noregs presidentmånad i mars 2002.

Gjennom formannskapet vår i gjevarlandssamarbeidet (Afghanistan Support Group, ASG) i 2002 medverka Noreg til å setje den humanitære krisa og trongen for støtte til overgangsregjeringa og til langsiktig atterreiseing på dagsordenen til Tryggingrådet. Noreg understreka verdien av afghansk eigarskap til atterreisingsprosessen og påpeika trongen for å integrere rettsperspektivet i dei nasjonale utviklingsplanane.

Erfaringane frå Tryggingrådet og frå ASG-formannskapet vil danne grunnlaget for den vidare norske innsatsen i Afghanistan. Noreg vil framleis leggje sterk vekt på dei humanitære turftene. Dette er heilt naudsynt for å stø opp om freds- og stabiliseringsprosessen. Noreg vil vidare understreke verdien av å fremje rettane til kvinner og born og stø opp om arbeidet for å sikre etablering av ein afghansk rettsstat.

Heilskapleg arbeid med tryggleik, institusjonsbygging, nasjonal kapasitetsutvikling, humanitær hjelp og meir langsiktige atterreisingsaktivitetar er eit vilkår for at den breiare politiske prosessen skal føre fram til frie og rettferdige nasjonale val medio 2004, som nedfelt i Bonnnavtala. Tryggingssituasjonen vil vere prekær i lang tid enno. Ein føresetnad for betring er vedvarande innsats for atterreiseing og utvikling. Noreg er innstilt på eit langsiktig hjelpeengasjement i Afghanistan. I 2003 gjev Noreg 375 millionar kroner i hjelp til Afghanistan.

Noreg har òg delteke i operasjonen Enduring Freedom i tidsrommet frå oktober 2002 til april 2003 med seks F16-fly stasjonerte i Kirgisistan. Noreg deltek i eit samarbeid med Tyskland, der det i tida framover vil verte tilbode opplæring og utstyr til etablering av ein afghansk politistyrke.

Vidare norsk deltaking i ISAF og Enduring Freedom vil måtte vurderast kontinuerleg og i lys av utviklinga i Afghanistan. Det har vore ei grunnhaldning frå norsk side at berre afghanarane sjølve kan sikre tryggleiken på sikt. Det internasjonale samfunnet bør stø arbeidet med å byggje ei forsvars- og ordensmakt grunna på representativitet og demokratiske prinsipp.

3.12 Aust-Timor

FNs operasjonar på Aust-Timor, UNTAET (United Nations Transitional Administration for East Timor) er eit døme på at FN kan oppnå resultat når medlemslanda viser den naudsynte politiske viljen. Operasjonane har trass i store utfordringar undervegs vore vellukka og vore prega av god leiing, godt samarbeid med styresmaktene og solid støtte frå landa i regionen.

Tryggingrådet vedtok 25. oktober 1999 resolusjon 1272 om oppretting av og mandat for UNTAET. UNTAET vart gjeve ansvaret for administrasjonen av Aust-Timor, mellom anna å stå for all lovgjevande og utøvande makt. I praksis var Aust-Timor eit FN-protectorat. Elles hadde UNTAET som oppgåve å stø opp under og samordne oppbygginga av eit fungerande statsapparat. Operasjonen var òg utstyrd med ein klart definert «utgangsstrategi», nemleg «sjølvstende». Det sistnemnde tilhøvet var avgjerande for suksessen til FN. Mandatet gjekk ut 31. januar 2001, men vart forlengd fyrst fram til 31. januar 2002, og deretter fram til sjølvstendet 20. mai 2002.

Det norske engasjementet på Aust-Timor starta i 1996 og vart trappa monaleg opp i samband med folkerøystinga og den påfølgjande uroa i 1999. I Tryggingrådet var Noreg mellom dei fyrste til å

stø fastsetjinga av datoen for sjølvstende. Noreg var òg svært tidleg ute med å signalisere ei positiv haldning til FN's spesialrepresentant Sergio de Mello og Generalsekretærens oppmoding om å opprette UNMISSET (United Nations Mission of Support in East Timor) for å vidareføre FN's engasjement etter sjølvstendet. UNMISSET vart oppretta i mai 2002 (resolusjon 1410) for ein periode på 12 månader. Denne støtta vart sett stor pris på frå austtimorsk side, særleg i lys av den skepsisen mot UNMISSET som vart utvist frå einskilde andre land.

3.13 Konfliktane på Balkan

Noreg har gjennom heile perioden sin i Tryggingrådet vore ein pådrivar for internasjonalt engasjement på Balkan, samtidig som ein har pressa på for å få landa i regionen til å ta stadig større ansvar for si eiga utvikling, både individuelt og gjennom regionalt samarbeid. Noreg har støtt opp om gjennomføringa av politiske og økonomiske reformtiltak og integrasjon i det euro-atlantiske samarbeidet. Ein har samtidig understreka kravet om at landa må innfri dei internasjonale pliktene sine, mellom anna i høve til Jugoslavia-domstolen i Haag. Noreg har i Tryggingrådet teke til orde for at landa i regionen må gjere sitt beste for sjølv å finne fram til gjensidig akseptable løysingar på utestående spørsmål.

Kroatia har jamleg vore oppe i Tryggingrådet gjennom regelmessig handsaming av spørsmålet om Prevlakahalvøya. Dette har vore gjort gjennom lukka samråd og mandatforlengingar av UNMOP (United Nations Mission of Observers in Prevlaka). Noreg har i perioden sin i Tryggingrådet vore ein pådrivar for å finne ei løysing på uteståande grensespørsmål mellom Kroatia og Jugoslavia, og har særleg lagt vekt på at det trengst gjensidige tillitsskapande tiltak og nasjonalt forankra løysingar. Frå norsk side er ein difor svært glad for at Kroatia og Jugoslavia den 10.12.2002 underskreiv ein bilateral avtale om Prevlaka. UNMOPs mandat på Prevlakahalvøya vart som følgje av dette avvikla i desember 2002.

Situasjonen i *Bosnia-Hercegovina* har stått på dagsordenen til Tryggingrådet i heile medlemsperioden til Noreg. Frå norsk side har ein i Tryggingrådet understreka at det trengst sterkare lokalt eigarskap til gjennomføringa av Daytonavtala, samtidig som ein har markert at det krevst vidare internasjonale støtte i fleire år framover. Noreg har i den samanhengen sterkt støtt opp om UNMIBHs (United Nations Mission in Bosnia-Herzegovina)

mandat og gjennomføring av dei sivile sidene av Daytonavtala. Det er lagt særleg vekt på å få på plass Den internasjonale politistyrken (International Police Task Force, IPTF) og å få gjennomført ei reform innanfor politi- og justissektoren. Mandatet til UNMIBH vart avslutta i 2002 og er i dag erstatta av Den europeiske unions politioperasjon (European Union Police Mission, EUPM). Noreg ynskte EUPM velkomen i Tryggingrådet og stør i dag arbeidet til EUPM ved å avstå personell og yte økonomisk støtte.

Noreg har gjennom heile perioden i Tryggingrådet halde innlegg i dei månadlege møta om *Kosovo*. Særleg har Noreg gjennom engasjementet sitt i Tryggingrådet teke til orde for verdien av å styrkje lov og orden i Kosovo, samt nedkjempe organisert kriminalitet. Provinsforsamlinga og dei mellomtidslege sjølvstyrestyremaktene har fleire gonger vorte oppmoda til å søkje kompromissløyser på tvers av etniske og politiske skiljeliner for å få framgang i demokratiseringsprosessen. Verdien av å stø opp om lokale strukturar og å leggje vekt på kompetansebygging har vorte framheva. Noreg har konsekvent gjeve sterk støtte til Generalsekretærens spesialrepresentants (SRSG Steiner) vektlegging av at Kosovo arbeider for å oppfylle det settet av samfunnsmessige standardar som må oppnåast før statusspørsmålet kan takast opp.

Det har vore to tryggingrådssendelag i Kosovo, sommaren 2001 og i desember 2002. Sistnemnde sendelag vart leidd av Noregs FN-ambassadør, Ole Peter Kolby. Verdien av å sjå Kosovo i eit regionalt perspektiv og verdien av ein forbetra dialog mellom Pristina og Beograd har fleire gonger vorte understreka frå norsk side. Noreg har òg vore ein sterk pådrivar når det gjeld trongen for styrking av rettane til minoritetane i Kosovo og retten til tilbakevending for internt fordrevne. Konkret har Noreg ved fleire høve teke opp arbeidet til UNMIKs (United Nations Mission in Kosovo) Housing and Property Directorate (HPD) og verdien av dette, både i høve til utvikling av rettsstatsprinsipp og når det gjeld tilrettelegging for tilbakevending av internt fordrevne.

3.14 Georgia: Abkhasia-konflikten

Etnisk og politisk uro har prega utviklinga i Georgia sidan landet erklærte seg sjølvstendig i 1991. Det tidlegare autonome området Abkhasia i det nordvestlege hjørnet av Georgia har i praksis vore styrt av abkhasiske separatistar etter at den væpna konflikten med Tbilisi enda i 1993. I februar 1994 vart russiske fredsstyrkar med SUS-mandat utplas-

serte i konfliktområdet i Abkhasia med godkjenning frå både georgiske styresmakter og abkhasiske leiarar. FN-observatørgruppa UNOMIG (United Nations Mission in Georgia) har som mandat å overvake at dei russiske styrkane gjennomfører våpenkvileavtala.

I Tryggingrådet har Noreg støtt ei politisk løysing på konflikten, med respekt for Georgias suverenitet og territoriale integritet, og gjeve full støtte til UNOMIGs vidare nærvere. Noreg har slutta opp om dei diplomatiske freistnadene på ei løysing, som vert leidde av ein spesialrepresentant for FNs generalsekretær (SRSG Boden). Dette arbeidet har vore konsentrert om å utarbeide eit grunnlagsdokument (Bodendokumentet), som er retningsgjevande for myndfordelinga mellom Tbilisi og Sukhumi. USA, Storbritannia, Frankrike, Tyskland og Russland, som utgjer Generalsekretærens såkalla «venegruppe» for Georgia, har slutta seg til prinsippa i dokumentet, der ein føreset at Abkhasia skal vere ei eining med stor grad av sjølvstyre innanfor staten Georgia. Utbrytarane krev fullt sjølvstende frå Georgia, og det er lite rørsle å spore i fredsprosessen. Konflikten er enno langt frå å verte løyst.

3.15 Kypros

Ved årsskiftet 1999/2000 lukkast det FNs generalsekretær å kome i gang med tilretteleggjande samtalar (engelsk: proximity talks) med partane i Kypros-konflikten, og i desember 2001 møttes Clerides (den gresk-kypriotiske leiaren) og Denktash (den tyrkisk-kypriotiske leiaren) til direkte samtaler. Sjølv om partane erklærte juni 2002 som måldato for samtalanene, klarte ein ikkje å få noko gjenombrot i forhandlingane før denne fristen. Det vart gjort ein intens diplomatisk innsats framfor EU-toppmøtet i København medio desember 2002 utan at det lukkast å få partane til å semjast om ei løysing. Partane uttrykte likevel vilje til å halde fram med forhandlingane i 2003.

Kypros-spørsmålet vart handsama i Tryggingrådet ei rekkje gonger i løpet av medlemskapsperioden. Generalsekretæren orienterte Tryggingrådet kontinuerleg om situasjonen på øya, mellom anna om arbeidet til dei fredstryggjande styrkane UNFICYP (United Nations Peacekeeping Force in Cyprus) og om framdrifta i dei FN-leidde samtalanene mellom partane. Frå norsk side var det ei målsetjing å medverke til å stø opp om generalsekretær Annans freistnader på å finne ei løysing på konflikten. I samband med at Generalsekretæren la fram ein fredsplan i november 2002, medverka Noreg på oppmoding frå Generalsekretæren til å vinne støtte for denne planen i Tryggingrådet.

4 Tematiske spørsmål

I arbeidet med dei underliggjande årsakene til konflikt har Noreg retta søkjelyset mot den breiare samanhengen mellom fred og utvikling. Dei største utfordringane det internasjonale samfunnet står overfor, er grenseoverskridande i sin natur. Terrorisme og internasjonal, organisert kriminalitet, narkotika-, våpen- og menneskesmugling, flyktningar, spreining av dødelege sjukdomar, fattigdom og global miljøureining er problem som må løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Tryggingsrådsmedlemskapen gav eit høve til å setje utanriks- og utviklingspolitikken vår inn i eit meir heilskapleg og samanhengande perspektiv. Fred er ein føresetnad for langsiktig og berekraftig utvikling, inklusive menneskerettar, demokrati, godt styresett og respekt for prinsippet om rettsstaten.

Nokre høgt prioriterte tematiske spørsmål er alt fast forankra i dagsordenen til Tryggingsrådet. Kampen mot internasjonal terrorisme, FN's fredstryggjande verksemd og vern av sivile i krig er døme på tema som jamleg vert drøfta i Tryggingsrådet. Noreg nytta perioden sin i Tryggingsrådet til å styrkje Rådet sitt engasjement i handsaminga av dei tematiske spørsmåla. Noreg gjorde det såleis bortimot til rutine å fokusere på det humanitære og menneskerettsaspekt der dette var naturleg i samband med Rådet si handsaming av regulære saker. Særleg var dette aktuelt ved mandatgjennomgangen og mandatfornyninga for FN's fredstryggjande operasjonar. Dette arbeidet står sentralt i satsinga vår på å styrkje FN si evne til å planleggje og gjennomføre fredsoperasjonar.

4.1 Kampen mot internasjonal terrorisme

Internasjonal terrorisme og spreining av masseøydlegingsvåpen utgjer den mest direkte trusselen mot internasjonal fred og tryggleik. Tryggingsrådet i FN handla raskt etter terroråtalet på USA og vedtok alt 12. september 2001 resolusjon 1368, som fordømde terroråtalet og viste til retten til sjølvforsvar, som er nedfelt i FN-pakta artikkel 51. USA og ein brei internasjonal koalisjon sette i gang

militære operasjonar mot Al Qaida og Taliban, og dette førte raskt til at Talibanregimet fall.

Etter terroråtalet 11. september har antiterrorisme stått høgt på dagsordenen til Tryggingsrådet. 28. september 2001 vedtok Tryggingsrådet resolusjon 1373 om truslar mot internasjonal fred og tryggleik valda av terrorhandlingar. Vedtaket vart gjort med heimele i FN-pakta kapittel VII, og resolusjonen er bindande for alle medlemsland. Resolusjonen inneheld ei rekkje konkrete tiltak for å nedkjempe internasjonal terrorisme. Tiltaka dreier seg særleg om å hindre finansiering av terrorhandlingar. I medhald av resolusjon 1373 vart det oppretta ein antiterrorismekomité (Counter-Terrorism Committee, CTC) under Tryggingsrådet for å overvake at medlemsstatane gjennomførte resolusjonen. Alle medlemmer i Tryggingsrådet har sete i komiteen. Fristen for å rapportere til komiteen vart sett til 90 dagar etter resolusjonsvedtaket.

Noreg var blant dei fyrste som gjennomførte resolusjon 1373 i nasjonal rett. Alt den 5. oktober 2001 vedtok regjeringa ei provisorisk lovføresegn om tiltak mot finansiering av terrorisme m.m. Lovføresegna vart straks følgd opp med konkrete tiltak frå påtalemakta, Kredittilsynet og andre styresmakter. I juni 2002 vart den provisoriske lovføresegna erstatta av permanent lovgjeving. Det er etter norsk lov straffbart å finansiere terrorisme, og norske styresmakter er pålagde å fryse midlar når det er rimeleg grunn til mistanke om tilknytning til terrorføremål.

Ein viktig dimensjon ved arbeidet til Tryggingsrådets antiterrorkomité er å tilby fagleg hjelp til land som har lovgjevingsmessige eller administrative vanskar med å rette seg etter pålegg frå Tryggingsrådet. Også Noreg har delteke aktivt i høve til komiteen sitt arbeid med kapasitetsbygging blant medlemsland som ber om det.

Tryggingsrådet hadde tidlegare vedteke sanksjonar mot Taliban i Afghanistan i resolusjon 1267 fordi dei verna Al Qaida. Etter at Talibanregimet fall, var det ikkje lenger noko meining med dei opphavlege sanksjonane, og ein ny resolusjon vart vedteken, resolusjon 1390, som var retta mot terrorisme, nærare bestemt organisasjonar og individ som samarbeider med Al Qaida. Resolusjonen for-

pliktar medlemslanda til å fryse midlane til organisasjonane eller individa og hindre at organisasjonane eller individa kan reise inn i eller bruke medlemslanda til terrorføremål eller ta imot noka form for støtte frå medlemslanda. For dette føremålet administrerer 1267-komiteen ei liste over individ og organisasjonar som er omfatta av sanksjonane i 1390-resolusjonen. Ei rekkje praktiske og prinsipielle problemstillingar dukka opp i samband med opprettinga av lista. Frå norsk side har ein vore oppteken av rettstryggleik og menneskerettar ved oppføring på lista og gjennomføring av sanksjonane. I tilknytning til at USA kravde innlemming av fire svenske statsborgarar på lista, vart det klart at ein ikkje hadde tilstrekkelege prosedyrar for å kunne stryke nokon frå lista. Dette førte til ein gjennomgang av rutineane, som resulterte i ein prosedyre som sikrar at nokon kan strykast. (Tre av dei fire svenskane er tekne av lista.) Noreg hadde i denne prosessen nær kontakt med Sverige. Noreg har òg delteke aktivt i arbeidet med å sikre humanitære unntak frå sanksjonane.

Arbeidet i CTC-komiteen og 1267-komiteen står sentralt for det internasjonale arbeidet mot terrorisme. Arbeidet i begge komiteane må likevel framleis kunne seiast å vere i ein tidleg fase. CTC-komiteen har ei enorm arbeidsoppgåve med å sikre at alle 191 medlemsland oppfyller minstestandardar når det gjeld lovgjeving om terrorisme. 1267-komiteen har store utfordringar når det gjeld høvet til å gjennomføre sanksjonane i alle land og tette smotthol i nasjonale og internasjonale lovverk.

Seinare terroråtak i Yemen, Tunis, Indonesia og Kenya viser at terrorisme er ein global trussel. FN har i kraft av sin globale medlemskap vist seg å ha stor verdi for den breie internasjonale koalisjonen mot terrorisme, som er bygd opp. Det er ei norsk grunnhaldning at internasjonal terrorisme må nedkjempast med eit breitt sett av verkemiddel, mellom anna politiske, diplomatiske, økonomiske og militære. Noreg vil arbeide for at FN, på grunn av FN's vide mandat og organisasjon, framleis skal ha ei leiande rolle i det globale antiterrorismearbeidet.

Det vil òg vere viktig å sikre at antiterrorarbeidet er i samsvar med prinsippet om rettsstaten og menneskerettane. Innanfor FN-systemet tyder dette både engasjement frå einskildland og at den positive kontakten mellom Antiterrorkomiteen og FN's høgkommissær for menneskerettar vert vidareførde. For det internasjonale samfunnet vil det i tida framover også verte viktig å prøve å forstå drivkreftene bak terrorisme og derigjennom kor-

leis vi kan hindre rekruttering til terrornettverk som Al Qaida.

Samtidig har regionale organisasjonar og samarbeidsfora ei viktig rolle å spele i nedkjempinga av internasjonal terrorisme. Dette gjeld både organisasjonar der Noreg er medlem, f.eks. NATO og OSSE, og organisasjonar som Noreg stør arbeidet til, til dømes Den afrikanske unionen (AU). EU spelar ei sentral rolle i utviklinga av verkemiddel og politikk på området. Noreg sluttar fullt opp om det viktige arbeidet i EU på dette feltet. Det vert ei viktig oppgåve framover å samordne i størst mogleg grad, og på den måten styrkje, det internasjonale arbeidet mot terrorismen.

4.2 Fredstryggjande operasjonar

Noreg har i tryggingrådsperioden arbeidd med oppfølging av dei viktigaste tilrådingane i Brahimi-rapporten, til dømes å styrkje avdelinga for fredstryggjande operasjonar (DPKO), å betre FN si evne til raskare utplassering (deployering) og å ytterlegare betre dialogen mellom troppebidragstatar, sekretariat og Tryggingrådet.

Noreg fekk i 2002 leiinga av Tryggingrådets nyetablerte arbeidsgruppe for fredstryggjande operasjonar. Hovudmålet for den norske innsatsen har vore å skape tettare kontakt mellom Tryggingrådet, FN-sekretariatet og troppebidragstande land i handsaminga av spørsmål om førebuing og gjennomføring av fredsoperasjonar. Dette har medverka til ytterlegare openskap om Tryggingrådets arbeid innan ein av kjernefunksjonane til Rådet, som òg vil kome Noreg til gode etter medlemskapen vår i Tryggingrådet.

I perioden leidde Noreg møtet mellom dei største troppebidragstatarane, sekretariatet og Tryggingrådet om nedbygginga av den fredstryggjande operasjonen i Sierra Leone (UNAMSIL). Dette var det fyrste møtet av dette slaget i arbeidsgruppa.

Utanfor Tryggingrådet har Noreg hatt leiinga i Multinational Standby High Readiness Brigade (SHIRBRIG). Gjennom SHIRBRIG vil Noreg vidareføre bidraget sitt til å styrkje FN si evne til rask utplassering. SHIRBRIG er eit multinasjonalt samarbeid, der Noreg deltek saman med eit tital andre land, primært frå Europa og Nord-Amerika, for å kunne stille ein internasjonal brigade eller delar av ein slik brigade til rådvelde for FN for gjennomføring av fredsoppdrag. Noreg har òg innmeldt styrkar til FN's vernebuingsssystem, UN Stand-by Arrangement System (UNSAS). Det vert no arbeid med å oppdatere dette.

Fredsoperasjonar vil framleis vere ei prioritert norsk oppgåve i FN. Regjeringa meiner det er viktig at fredsoperasjonar i FN-regi vert gjevne tilstrekkeleg politisk merksemd, nasjonalt og internasjonalt. Det norske nærveret i FN-leidde fredsoperasjonar har minka dei seinare åra på grunn av tungt norsk engasjement i regi av NATO og internasjonale koalisjonar. Dette inneber ikkje at Noreg har endra syn på verdien av eit sterkt FN, men speglar at andre aktørar enn FN har vorte sterkare involverte i fleirnasjonale operasjonar. Dette er ein styrke for regional og global stabilitet og tryggleik. Ein merkar likevel aukande misnøye i einskilde tunge troppebidragsytande utviklingsland over det som vert oppfatta som svekt industrilandsdeltaking i FN-leidde fredsoperasjonar. I denne situasjonen er det viktig at ein frå norsk side vidarefører ein aktiv innsats for å styrkje FN si evne til å planleggje og gjennomføre fredsoperasjonar. Målsetjinga er å sikre FN best mogelege vilkår som hovudaktør for global konflikthandtering. Dette krev aktiv norsk deltaking i relevante FN-fora – fyrst og fremst 4. komité og spesialkomiteen for fredstryggjande operasjonar.

Aktuelle problemstillingar som vil verte følgde opp frå norsk side, både i spesialkomiteen og i andre relevante FN-fora, er mellom anna følgjande: 1) Avklaring av tilhøvet mellom militære og sivile aktørar i fredsoperasjonar. Effektivt samarbeid mellom desse er avgjerande for suksessen til operasjonane.) Sterkare fokus på vern av sivile og særleg av svake grupper.) Styrking av den regionale tilnærminga til konfliktløysing.) Styrkt kontakt mellom Tryggingrådet, som utformar mandata for fredsoperasjonane, og dei troppebidragsytande landa, som tek den politiske vågnaden med gjennomføringa av mandata.) Styrkt kontakt er òg ynskjeleg når det gjelder tilhøvet mellom Tryggingrådet og spesialkomiteen for fredstryggjande operasjonar.

Erfaringane frå tryggingrådsperioden vil vere eit viktig grunnlag for vidareutvikling av annan norsk innsats når det gjeld fredsoperasjonar, f.eks. når det gjeld bruk av dei sivile vernebuingsystema våre for personell og materiell og den vidare norske støtta til kompetansebygging i land i den tredje verda med sikte på deltaking i fredsoperasjonar.

Gjennom deltakinga i SHIRBRIG vil Noreg vidareføre bidraget sitt til å styrkje FN's fredsoperasjonsevne. Deltaking i SHIRBRIG og UNSASer viktig også som politisk signal om framleis sterk norsk oppslutning om FN's rolle i global krisehandtering. Spørsmål om å stille styrkar til rådvelde vert avgjorde frå sak til sak – i lys av andre plikter.

4.3 Internasjonal straffeforfølgning

I Noregs medlemskapsperiode har Tryggingrådet ved ei rekkje høve handsama spørsmål knytte til internasjonal straffeforfølgning.

Vedtektene til den *permanente internasjonale straffedomstolen* (ICC) tredde i kraft 1. juli 2002. Same dag la USA ned veto mot forlenging av mandatet for FN's operasjon i Bosnia og Hercegovina (UNMIBH) etter fåfengd å ha kravd garantiar om immunitet for amerikansk personell for domstolen. Etter intense forhandlingar for å få ei løysing på denne situasjonen vedtok Tryggingrådet 12. juli 2002 samrøystes resolusjon 1422 om utsetjing i eitt år av straffeforfølgning for deltakarar i fredstryggjande operasjonar frå statar som ikkje er partar i Romavedtektene. Resolusjonen er ei kompromissløyning, som sikrar at FN framleis har ei sentral rolle i fredstryggjande operasjonar, samtidig som han fastslår verdien av ICC og fullt ut varetek integriteten til domstolen.

Tryggingrådet fekk 23. juli 2002 ei orientering av presidenten for *Jugoslaviadomstolen* (ICTY) om det arbeidet som går føre seg for å leggje til rette for overføring av saker frå ICTY til det nasjonale rettssystemet i Bosnia-Hercegovina. Det er ei målsetjing å avvike verksemda til ICTY innan 2008, noko som ein berre kan oppnå dersom domstolen får konsentrere seg om dei sakene som gjeld høgt rangerte militære og politiske leiarar. Tryggingrådet slutta seg til denne strategien.

Framlegget frå *Rwandadomstolen* (ICTR) om å styrkje domstolen med tilleggdommarar og dermed få raskare saksgang i domstolen fekk tilslutning i tryggingrådsresolusjon 1431 av 14. august 2002.

I august 2000 vedtok Tryggingrådet å opprette ein *spesialdomstol for Sierra Leone* grunna på samtykke frå styresmaktene i Sierra Leone og finansiering med frivillige bidrag. Noregs frivillige bidrag til finansiering av dei to fyrste driftsåra til spesialdomstolen for Sierra Leone har vore på til saman USD 1 million. Spesialdomstolen byrja arbeidet sitt i juli 2002, då justissekretæren og hovudaktorane i domstolen kom, og åtte dommarar vart utpeikte.

Tryggingrådet har eit særleg ansvar i samband med væpna konfliktar ved at det kan etablere eller avgrense mandatet for straffeforfølgning ved å opprette adhocdomstolar eller vise situasjonar til ICC. Ei overordna målsetjing er å leggje størst mogeleg vekt på at statane har eit ansvar for å motarbeide straffridom. Frå norsk side ser vi på dette som ein føresetnad for framtidig fred, demo-

krati og forsoning. Det har difor vore viktig for Noreg som medlem av Tryggingsrådet å halde ved lag det sterke engasjementet vårt for utviklinga av internasjonal strafferett. Dette har innebere både å ta vår del av ansvaret i Tryggingsrådet for drifta av dei oppretta straffedomstolane og å arbeide for at det vert skapt eit grunnlag for eit best mogeleg samarbeid mellom Tryggingsrådet og Den internasjonale straffedomstolen.

Målet til regjeringa er global oppslutning om domstolen. Det er viktig at informasjon om eksistensen og verksemda til ICC vert spreidd. Å arbeide for større oppslutning, ikkje minst blant u-land, er difor ei prioritert oppgåve. Vi er opptekne av å fremje interessene til domstolen, og vi vil som før motsetje oss tiltak som kan undergrave ICC. Samtidig vil vi halde fram dialogen vår med dei statane som har uttrykt tvil om domstolen, med sikte på å fremje breiast mogeleg oppslutning om domstolen og målsetjingane med han.

Noreg er allment nøgd med arbeidet til ICTY og ICTR og dei gjennomførte administrative reformene for å betre effektiviteten. Avgjerdene til tribunala har høg standard og er viktige tilskot til utviklinga av internasjonal strafferett, medrekna opprettinga av ICC. Noreg stør slutføringsstrategien til domstolane, slik at domstolane kan konsentrere seg om dei hovudansvarlege.

Noreg har vore ein monaleg bidragsytar til finansieringa av programma til domstolane, som har som føremål å sikre at dei viktigaste konklusjonane i viktige internasjonale rettsavgjerder vert gjorde kjende i konfliktområda for å få ei betre forståing for arbeidet til og verdien av domstolane.

4.4 Vern av sivile i væpna konflikhtar

Vern av sivile i konfliktsituasjonar har vore eit viktig tema for Noregs arbeid i Tryggingsrådet. Noreg oppnådde fleire konkrete resultat på dette området. Under formannskapet vår i mars 2002 vedtok Tryggingsrådet ei presidentfråsegn (S/PRST/2002/6) der det er vedlagt eit norskinitiert Aide Mémoire som inneheld alle verne- og menneskerettsføresegnar som alt er vedtekne i resolusjonar og presidentfråsegner. Dette dokumentet er viktig for å sikre institusjonelt minne og som eit konkret hjelpemiddel for å vareta omsynet til sivile ved fornying og utarbeiding av nye mandat for fredsoperasjonar.

Generalsekretærens fyrste rapport om vern av sivile vart lagt fram i september 1999. Han vart følgd opp av to resolusjonar frå Tryggingsrådet, høvesvis 1265 (1999) og 1296 (2000). Arbeidet

med dei to resolusjonane viste til fulle at tematikken er sensitiv og komplisert. På oppmoding frå Rådet vart det lagt fram ein ny rapport i april 2001 (S/2001/331). I denne vert det understreka at det trengst å gjennomføre tilrådingane både i den aktuelle og den føregåande rapporten.

Hausten 2001 vart det fremja ein eigen resolusjon om vern av born i væpna konflikhtar (S/RES/1379). Ved utgangen av 2002 låg det føre to viktige rapportar frå FN-sekretariatet om temaet vern av sivile: om born i væpna konflikhtar og den tredje i rekkja om sivile i væpna konflikhtar. Noreg spela ei aktiv rolle i samband med handsaminga av rapportane i Tryggingsrådet. Noreg tok initiativ til å utarbeide eit vegkart til rapportane, der det går fram kven som har ansvar for å gjere kva i nærare definerte situasjonar. Frå norsk side vart arbeidet med å samordne vedtak om oppfølging prioritert.

Det har vore viktig for Noreg å sikre at turftene til utsette grupper – som kvinner, born og eldre – har vorte vurderte i samband med utforming av mandata til fredstryggjande operasjonar og eksplisitt nemnde i alle aktuelle resolusjonar. Særleg har vi på norsk side vore opptekne av situasjonen for born i væpna konflikhtar.

Noreg har arbeidd for at ein sikrar at læger for flyktingar og internt fordrivne har eit strengt humanitært preg. Det er i denne samanhengen viktig å yte personell som kan medverke til at slike læger ikkje vert nytta til militære føremål. I rapportane sine om tryggleik for sivile tilrår Generalsekretæren at statane følgjer «The Guiding Principles on Internal Displacement». Dette er prinsipp som Noreg stør på det sterkaste. I tryggingsrådssamheng har Noreg oppmuntra til å gjere desse prinsippa betre kjende og nytta i praksis.

Tilhøva ligg òg godt til rette for at vi kan vidareføre rolla vår i arbeidet med desse sakene i andre fora etter tryggingsrådsperioden. Dette kan gjerast både i Generalforsamlinga, i relevante FN-organisasjonar, fond og program samt ved deltaking i ulike nettverk. I det høvet har Noreg teke initiativ til og leier ei venegruppe i New York, der problemstillingane i samband med vernearbeidet vil verte drøfta innanfor ein krins av interesserte statar. Dette mellom anna for å sikre at arbeidet med vern av sivile i væpna konflikhtar framleis vil stå på dagsordenen til Tryggingsrådet. Noregs hovudfokus vil vere ytterlegare operasjonell oppfølging av dei verne- og menneskerettsføresegnene som no er nedfelte i resolusjonar og presidentfråsegner.

4.5 Kvinner, fred og konflikter

I oktober 2000 vedtok Tryggingrådet resolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. I resolusjonen vert det lagt vekt på at det trengst å integrere eit likestillingsperspektiv i alt som FN gjer av konfliktrelatert arbeid. Kvinner som aktive deltakarar i avgjerdsprosessar vert understreka, inkludert fleire kvinnelege leiarar for FNs fredstryggjande operasjonar. Resolusjonen fokuserer òg på verknaden av væpna konflikt på kvinner og jenter.

Resolusjonen er følgd opp i Tryggingrådet med presidentfråsegn ved eittårsmarkeringa og pressefråsegn ved toårsmarkeringa for vedtakinga av resolusjonen. Det vart halde fleire opne møte i Rådet med særleg fokus på situasjonen til kvinnene i Afghanistan og Sierra Leone. Generalsekretærens rapport til Tryggingrådet om oppfølging av resolusjonen, som vart lagd fram i oktober 2002, omfattar ei rekkje praktiske tiltak.

Frå norsk side har ein vore aktiv for å halde temaet på dagsordenen i Rådet. Vern av sivile i konflikt, under dette kvinner og tryggleik, var eit prioriterte tema under den norske presidentskapsmånaden. Noreg har delteke aktivt i dei opne møta og ved utarbeidinga av presidentfråsegnene. Noreg har òg arbeidd for auka likestillingskompetanse i FN-avdelinga for fredstryggjande operasjonar og meir systematisk integrering av likestillingsperspektivet i dei rapportane som går til Rådet.

4.6 Handvåpen

Grunnlaget for Noregs arbeid med handvåpen-spørsmål i Tryggingrådet i FN har vore at ulovleg handel med og ukontrollert spreining av slike våpen fører til at konflikter vert forsterka og forlengde, at fredsfreistnader og utvikling vert undergravne, og at tilgangen til handvåpen har alvorlege humanitære følgjer. Handvåpenproblemet vedkjem difor Tryggingrådets primære ansvar for å sikre internasjonal fred og tryggleik.

Tryggingrådet følgde opp FNs handvåpenkonferanse i juni 2001 med ein temadebatt om handvåpen 2. august 2001. Temadebatten vart følgd opp med ei presidentfråsegn om handvåpen, der det særleg vert fokusert på kontroll med spreining av handvåpen. FNs generalsekretær la fram ein rapport om handvåpen for Tryggingrådet i september 2002. Han vart diskutert i møte i Rådet i oktober same året. Både det norske innlegget i debatten i Rådet og tilrådingane i rapporten frå Generalsekretæren legg vekt på at det trengst

eit internasjonalt instrument om kontroll med våpenformidling, inkludert merking og sporing av handvåpen.

Sommaren 2003 vil Generalforsamlinga i FN halde sin fyrste oppfølgingskonferanse for å kartlegge gjennomføringa av handlingsplanen som vart vedteken i 2001. Noreg vil delta aktivt i dette arbeidet. Gjennom dette arbeidet ynskjer Noreg å medverke til at FN sender eit klart signal om kor viktig kampen mot ulovleg handel med handvåpen er for tryggleik og utvikling, for konfliktløsning og fredsbygging, og for nedkjemping av organisert kriminalitet.

4.7 Sanksjonar

Som medlem av Tryggingrådet har Noreg medverka aktivt i arbeidet for å betre effektiviteten av sanksjonar. Målsetjinga har vore å utvikle målretta og tidsavgrensa sanksjonar, som i minst mogeleg grad rammar sivilfolk og i størst mogeleg grad er resultatorientert. Ikkje minst gjeld dette i høve til Irak, men òg Afghanistan/Al Qaida, Liberia, Angola, Sierra Leone osv.

Regjeringa si haldning er at det må utvisast varsemd i bruken av sanksjonar. Sanksjonar må berre brukast når andre verkemiddel ikkje når fram. Når sanksjonar vert tekne i bruk, må Tryggingrådet aktivt overvake verknadene av sanksjonane og jamleg vurdere dei humanitære følgjene. Der sanksjonar fører til dei ynskte resultatane, må dei raskt kunne suspenderast eller hevast.

Sanksjonar er eit tvangsmiddel, men ikkje eit straffetiltak. Utsikta negative følgjer for sivilfolk og tredjeland må minimaliserast, og dette har stått sentrale i dei norske posisjonane. Noreg har difor teke til orde for betre samordning mellom sanksjonskomiteane, utvida bruk av ekspertpanel og overvåkingsmekanismar og bruk av lokal kapasitetsbygging som strategi for å imøtegå freistnader på sanksjonsunndraging blant einskilde medlemsland. Dette er framgangsmåtar det etter kvart er oppnådd brei semje om i Tryggingrådet.

Tryggingrådets arbeidsgruppe for sanksjonar har halde ei rekkje møte i medlemskapsperioden, men førebels har ein ikkje klart å semjast om ein sluttrapport. Dette skuldast i hovudsak at det er usemje mellom dei faste medlemmene i Tryggingrådet om einskilde sentrale spørsmål. Frå norsk side har ein teke til orde for ei løysing der dei få uteståande spørsmåla vert ut skote til vidare drøfting, slik at Tryggingrådet kan vedta dei hovudelementa i rapporten som det er semje om. Viktig i medlemskapsperioden har òg vore den

såkalla Stockholm-prosessen om utvikling og gjen-nomføring av målretta sanksjonar. Her har ein nådd fram til eit rapportutkast, som vart presentert for Tryggingrådet tidleg i 2003. Noreg har del-teke aktivt i dette arbeidet.

4.8 Økonomiske drivkrefter i konflikter (Ulovleg ressursutnytting)

Under tryggingrådsmedlemskapen har Noreg medverka aktivt til å setje spørsmålet om ulovleg ressursutnytting og konflikter på den internasjonale dagsordenen. Utnytting av naturressursar som olje, diamanter, mineral og tropisk tømmer gjev store inntekter, som ofte vert bruka til å finansiere valdelege konflikter. Dei to siste åra har Noreg samarbeidd med Verdsbanken og internasjonale og norske forskingsinstitutt for å få meir innsikt i den politiske økonomien i konflikter. Tryggingrådet i FN har i aukande grad fokusert på økonomiske drivkrefter i krigar og konflikter og i samband med fredsoperasjonar og iverksetjing av målretta sanksjonar. Som tematisk satsingsområde har økonomiske drivkrefter vore ein integrerande del av Noregs innsats i Tryggingrådet for å styrkje kunnskapen om dei underliggjande årsakene til konflikt. Noreg har støtt Tryggingrådets sanksjonar mot handel med diamanter frå Liberia og Sierra Leone. Vidare har Noreg delteke aktivt i arbeidet med sanksjonane mot UNITA-rørsla i Angola. Det uavhengige panelet for overvaking av situasjonen i Den demokratiske republikken Kongo har i den siste rapport sin sett søkjelyset på indre og regionale problem i samband med handelen med konfliktvarer. Med støtte frå Noreg er det sett i gang eit monaleg oppfølgingsarbeid, og dette skal forankrast i Tryggingrådet. Dette kan skape presedens for korleis Tryggingrådet skal handtere problemet i framtida. Det er òg viktig, fordi det gjev Rådet eit effektivt verkemiddel før eventuell bruk av sanksjonar.

Merksemda frå Tryggingrådet når det gjeld ulovleg ressursutnytting og konflikter har gjeve opphav til internasjonalt samarbeid for å kontrollere handelen med rådiamantar. Eit trettital statar har delteke i arbeidet med å utvikle eit internasjonalt sertifiseringssystem som skal sikre at handelen med diamanter går gjennom legale kanalar – det såkalla Kimberley-regimet. Regimet inneber at land som eksporterer rådiamantar skal utferde eit sertifikat som skal følgje diamanten, medan dei importerande landa bind seg til å kjøpe berre sertifiserte diamanter. Avtala tredde i kraft 1. januar

2003. Angola og Den demokratiske republikken Kongo er blant store diamanterprodusentar i konfliktområde som har slutta seg til prosessen. Kimberley-regimet er eit døme på at det internasjonale samfunnet, utan å ty til direkte tvangsmiddel, kan setje i verk tiltak mot illegal handel med varer som finansierer ein konflikt, eller som det er konflikt om. Tilsvarande ordningar for andre konfliktvarer er under utarbeiding. Noreg støt oppretting av ei kvitlisteordning, der selskap innan varehandel og finans frivillig godtek og bind seg til gode prinsipp og standardar for forretningsdrift i konfliktområde.

Regjeringa vil vidareføre engasjementet rundt ulovleg ressursutnytting ved å arbeide for at omsynet til dei økonomiske dimensjonane ved valdelege konflikter vert integrerte i forskingsprogram og handlingsplanar til Verdsbanken og relevante FN-organisasjonar, og søkje å engasjere fleire land aktivt i dette arbeidet.

4.9 Hiv/aids

I juli 2000 vedtok Tryggingrådet resolusjon 1308 om førebygging og kontroll av hiv/aids i tilknytning til fredsoperasjonar. Bakgrunnen for resolusjonen er at hiv/aids i mange land er meir utbreidd blant soldatar enn i resten av folket. Særleg gjeld dette einskilde afrikanske land, der over halvparten av soldatane er hivsmitta. Den store utbreiinga av hiv/aids representerer ein trussel mot personell i fredstryggjande operasjonar og folket i dei områda der fredsstyrkane er utplasserte. Utbreidd førekomst av hiv/aids blant uniformert personell truar med å utarme dei militære styrkane i statane og føre til regional ustabilitet. Dessutan vil utbreiing av hiv/aids i militære styrkar påverke det internasjonale samfunnet si evne til å bemanne fredstryggjande operasjonar .

Tryggingrådets resolusjon var òg eit viktig signal om at hiv-/aidsepidemien måtte oppfatast som ei global krise. Og under FN's spesialsesjon om hiv/aids i juni 2001 tala ein for fyrste gong om hiv/aids som ein trussel for tryggleiken i brei forstand. Epidemien er ein trussel mot samfunnsutviklinga fordi han truar tilhøve som er grunnleggjande for at folk skal kunne leve trygt, ha god helse og vere produktive. Sjukdomen rammar samfunn, familiar og individ, og han truar den økonomiske og politiske utviklinga.

Tryggingrådet har gjeve UNAIDS mandat til å samordne oppfølginga av resolusjon 1308. Til dette føremålet har UNAIDS oppretta UNAIDS Humanitarian Unit. Noreg har vore ein viktig støttespelar

for denne eininga, saman med Danmark, Nederland og USA. Det vart også oppretta ein styringskomité for å hjelpe UNAIDS i oppfølgingsarbeidet, der Noreg var medlem. I 2001 løyvde Noreg 10

millionar kroner til UNAIDS Humanitarian Unit. I 2002 stødde Noreg initiativet med om lag 8 millionar kroner.

5 Vegen vidare

Med ansvaret for internasjonal fred og tryggleik står Tryggingsrådet i FN i ei særstilling som utanrikspolitisk arena. Det må handtere mange av dei aller vanskelegaste sakene på den internasjonale dagsordenen og ta avgjerder som har vidtrekkande følgjer. For dei valde medlemmene inneber dette at dei må ta på seg eit direkte ansvar dei elles ikkje har. Noreg tok dette ansvaret. Ved nært samarbeid med dei andre medlemmene av Rådet greidde vi å skape oppslutning om eigne framlegg og prioriteringar. Samtidig var vi med på å samle Tryggingsrådet bak viktige avgjerder og vedtak og dermed òg med på å styrkje autoriteten til Rådet og FN.

Utfordringa no vert å bruke dei erfaringane vi hausta og den kunnskapen vi tileigna oss i Tryggingsrådet, i det breiare utanrikspolitiske engasjementet vårt og i vårt vidare arbeid med mange av dei same problemstillingane vi stod overfor i Rådet.

For det vidare arbeidet med konfliktførebygging, konflikthandtering og fredsbygging innanfor den breiare FN-ramma vil erfaringane frå Tryggingsrådet vere svært nyttige. Dette gjeld ikkje minst innsatsen vår for å styrkje FN si evne til å planleggje og gjennomføre fredsoperasjonar, mellom anna i den vidare oppfølginga av Brahimirapporten. Frå arbeidet vårt i Tryggingsrådet veit vi betre enn før kvar skoen trykkjer. Det gjeld òg engasjementet vårt til støtte for ei meir heilskapleg tilnærming til konfliktførebygging og fredsbygging, som involverer all sidene ved arbeidet til FN, mellom anna tryggingssektorreform, menneskerettsdimensjonen, det humanitære området og utviklingsaspekta. Vidare gjeld det den støtta vi gav til arbeidet med økonomiske drivkrefter i krigar og konflikhtar, som det etter tryggingsrådserfaringa vil verte lettare å rette inn mot sanksjonsinstrument eller andre konkrete verkemiddel.

Også for rolla vår i fredsfreistnadene i Midtausten og engasjementet vårt i ei rekkje andre kon-

flikhtar og fredsprosessar har medlemskapen i Tryggingsrådet gjeve verdifull innsikt og erfaring. Når det gjeld Etiopia og Eritrea og Somalia, er det arbeidet vårt i Tryggingsrådet som i stor grad har lagt sjølve grunnlaget for vårt vidare engasjement.

Noreg gjekk inn i Tryggingsrådet med eit ynske om å medverke til at det internasjonale samfunnet sine innsatsar på militære, politiske, humanitære, utviklingspolitiske og andre område skulle verte samkøyrde og gjensidig forsterkande. Medlemskapen i Tryggingsrådet har forsterka medvitet om at vi lever i ei stadig meir kompleks verd, og at vi difor må evne å sjå det internasjonale engasjementet vårt og interessene våre på ulike område i ein heilskapleg samanheng – for å kunne føre ein politikk som verkeleg heng saman. Dette føreset òg at vi greier å trekkje på den kunnskapen og den erfaringa som ligg i dei utanrikspolitiske forskingsinstitusjonane våre og i mange av dei frivillige organisasjonane våre. Her ligg kanskje den langsiktige hovudvinsten vi fekk dei to hektiske åra vi sat i Tryggingsrådet i FN. Regjeringa vil vidareføre ei inkluderande tilnærming til utviklinga av FN-politikken.

Dei tiltaka som blir nemnde i meldinga til Stortinget om Noregs deltaking i Tryggingsrådet i Dei sameinte nasjonane (FN) 2001–2002, vil bli gjennomførde innanfor Utanriksdepartementet sine eksisterande budsjettammer.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 28. mars 2003 om Noregs deltaking i Tryggingsrådet i Dei sameinte nasjonane (FN) 2001–2002 blir send Stortinget.

